Deloitte.



Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønnsmessige, og at vurderingane er baserte på føreliggjande informasjon.

# Vestland fylkeskommune

## Risiko- og vesentlegvurderingar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

November 2020

«Risiko- og vesentlegvurdering for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll»

November 2020

Rapporten er utarbeidd for Vestland fylkeskommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

# Innhald


1. Innleiing 5
2. Organisering og nøkkeltal 8
3. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga 13
4. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i fylkeskommunen sine selskap 36
5. Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde 62
6. Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn 65
7. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar 67

# Detaljert innhaldsliste


1. Innleiing 5
   - 1.1 Bakgrunn 5
   - 1.2 Forvaltningsrevisjon 5
   - 1.3 Eigarskapskontroll 5
   - 1.4 Forskjell mellom forvaltningsrevisjon i selskap og eigarskapskontroll 6
   - 1.5 Metode og gjennomføring 6
   - 1.6 Lesarrettleiing 7
2. Organisering og nøkkeltal 8
   - 2.1 Organisering 8
   - 2.2 Finansielle nøkkeltal 8
   - 2.3 Befolkningsutvikling 9
   - 2.4 Fylkeskommunen sine eigarskap 10
3. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga 13
   - 3.1 Organisasjon og økonomi/sektorovergripande tema 14
   - 3.2 Strategisk utvikling og digitalisering/sektorovergripande 19
   - 3.3 Kultur, idrett og inkludering 22
   - 3.4 Infrastruktur og veg 24
   - 3.5 Mobilitet og kollektivtransport 26
   - 3.6 Innovasjon og næringsutvikling 29
   - 3.7 Opplæring og kompetanse 31
4. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i fylkeskommunen sine selskap 36
   - 4.1 Selskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10 37
   - 4.2 Selskap som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10 46
   - 4.3 Føretak, samarbeid og foreiningar 60
5. Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde 62
6. Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn 65
   - 6.1 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskaps-/eigarskapskontrollar 65
   - 6.2 Tilsyn 66
7. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar 67
   - 7.1 Forvaltningsrevisjon 67
   - 7.2 Eigarskapskontroll 69

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

I samsvar med prosjektplanar vedteke av kontrollutvalet i møte 13.02.2020 i sak PS 5/20 har Deloitte gjennomført risiko- og vesentlegvurderingar (ROV-vurderingar) av Vestland fylkeskommune si verksemd og i selskapa der Vestland fylkeskommune har eigarinteresser. Føremålet med ROV-vurderingane har vore å skaffe relevant informasjon om dei delane av verksemda i fylkeskommunen og selskapa der fylkeskommunen har eigarinteresser, som det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll.

ROV-vurderingane er systematiserte og framstilte i dette analysedokumentet. Dokumentet dannar grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for 2020-2024. Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide slike planar. Planane skal vedtakast av fylkestinget.

I arbeidet med ROV-vurderingane og utarbeidinga av analysedokumentet har det blitt gjennomført møte med kontrollutvalet, dokumentgjennomgang, intervju og spørjeundersøking (sjå seksjon 1.5).

Analysen er av overordna karakter og i stor grad basert på innspel som har kome fram gjennom møte i kontrollutvalet, intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av relevant dokumentasjon. Datagrunnlaget er i avgrensa grad verifisert. Datagrunnlaget er i analysedokumentet nytta som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan følgjast opp/undersøkjast i forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller gjennom andre undersøkingar dersom kontrollutvalet og fylkestinget ønskjer dette.

## 1.2 Forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3 går det fram at forvaltningsrevisjon inneber å gjere systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målinnfriing og verknader ut frå fylkestinget sine vedtak og føresetnader. Same lov § 23-2 bokstav c), pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av fylkeskommunen si verksemd og av selskap som fylkeskommunen har eigarinteresser i.

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

> Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

Det er vidare eit krav at plan om forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurdering):

> Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om verksemda i fylkeskommunen og i selskapa der fylkeskommunen har eigarinteresser, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Det er fylkestinget som vedtek plan for forvaltningsrevisjon. Fylkestinget kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

## 1.3 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ei oppgåve som er lagt til kontrollutvalet etter kommunelova § 23-2 bokstav d), og er nærare skildra i kommunelova § 23-4. Der går det fram at eigarskapskontroll inneber å kontrollere om forvaltninga av fylkeskommunen sine eigarinteresser blir skjøtta i samsvar med regelverk, fylkestinget sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

> Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

Som med plan for forvaltningsrevisjon, skal også plan for eigarskapskontroll vere basert på ei ROV-vurdering:

> Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunen og fylkeskommunens eierskap.

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om kor det er størst behov for eigarskapskontroll, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for eigarskapskontroll og å prioritere kva eigarskapskontrollar det kan vere aktuelt å gjennomføre.

Det er fylkestinget som vedtek plan for eigarskapskontroll. Fylkestinget kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

## 1.4 Forskjell mellom forvaltningsrevisjon i selskap og eigarskapskontroll

Ny kommunelov skil mellom forvaltningsrevisjon av selskap som inngår i ordinær forvaltningsrevisjon, og eigarskapskontroll. Fokuset i ein **eigarskapskontroll** er på korleis fylkeskommunen forvaltar eigarskapa sine, anten enkeltvis eller som portefølje. Kriteria vi legg til grunn er mellom anna regelverk knytt til ulike typar selskap (til dømes kommunelov, aksjelov, lov om interkommunale selskap), KS sine retningslinjer for kommunal eigarstyring, kommunale eigarskapsmeldingar/eigarstrategiar og andre mål, vedtak og retningslinjer. Fokuset i ein **forvaltningsrevisjon av selskap** er på sjølve selskapet, og vil t.d. omhandle om selskapet driv i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader, og om det driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

## 1.5 Metode og gjennomføring

I prosessen med ROV-vurderingar har vi nytta ein metodikk med høg grad av involvering, både av kontrollutvalet og av sentrale aktørar i administrasjonen og i fylkestinget. Ei slik tilnærming har bidrege til at vi har avdekka kva forvaltningsområde, tenesteområde, og eigarskap det er knytt størst risiko til. I tillegg har høg grad av involvering bidrege til å forankre planarbeidet og gjere det kjent både i fylkestinget og i administrasjonen. Dette vil skape eit godt grunnlag for gjennomføring av prosjekta som blir prioritert i planane.

### 1.5.1 Prosessmøte 1 med kontrollutvalet

I det første prosessmøtet fekk kontrollutvalet høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor fylkeskommunen sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der fylkeskommunen har eigarinteresser, basert på eiga erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet.

### 1.5.2 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen tok utgangspunkt i planar, meldingar og rapportar frå fylkeskommunen. Vi har òg undersøkt kva tilsyn som er gjennomført og eventuelt planlagt i fylkeskommunen. Dette har samla gitt eit oversyn over fylkeskommunen sine mål og strategiar, samt bidrege til å avdekkje område med risiko eller behov for forbetring.

### 1.5.3 Analyse av statistikk

Vi har gjennomgått KOSTRA-tal og anna relevant statistikk som ligg føre frå tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar for å undersøke om det er område der fylkeskommunane har skilt seg frå andre fylkeskommunar og som derfor kan indikere risiko for Vestland fylkeskommune.

### 1.5.4 Intervju

Vi har gjort intervju med både politiske og administrative leiarar i fylkeskommunen. Vi har intervjua fylkesrådmann og dei sju fylkesdirektørane. I tillegg har revisjonen gjennomført fem intervju med politisk leiing per telefon eller Teams.

### 1.5.5 Elektronisk spørjeundersøking

Administrative leiarar og heile fylkestinget har vore involvert i ROV-vurderingane gjennom ei undersøking i Questback (elektronisk spørjeundersøkingsverktøy). Den elektroniske spørjeundersøking blei også sendt til hovudtillitsvalde og hovudverneombud i fylkeskommunen. I spørjeundersøkinga blei desse bedne om å peike

på potensielle risikoar innanfor det tenesteområdet dei har ansvar for eller kjenner til, samt risikoområde knytt til selskap fylkeskommunen eig. Spørjeundersøkinga blei sendt ut til totalt 193 respondentar (46 administrative leiarar, 56 folkevalde og 91 hovudverneombod og hovudtillitsvalde) og revisjonen fekk totalt 74 svar (38 %). 29 av leiarane, 13 av dei folkevalde og 32 av hovudtillitsvalde og hovudverneombod svara på spørjeundersøkinga.

#### 1.5.6 Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase

Deloitte har nytta Bisnode SmartCheck for å få tilgang til rekneskapsopplysningar og informasjon om eigarskap og eigarskapsstruktur. Denne informasjonen er nytta både for å få oversyn over alle aktuelle selskap som skal omfattast av ROV-vurderingane, og for å avdekkje eventuelle risikoar gjennom dei føreliggjande finansielle nøkkeltala.[1]

#### 1.5.7 Prosessmøte 2 med kontrollutvalet

I dette møtet legg revisjonen fram ROV-vurderingane (dette dokumentet) med dei risikovurderingane som er gjennomførte for kontrollutvalet. ROV-vurderingane og forslag til prosjekt vil i dette møtet bli lagt til grunn når kontrollutvalet skal prioritere område eller prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for dei neste fire åra.

#### 1.5.8 Vedtak av plandokument

Basert på dei prioriteringane som kontrollutvalet gjer i prosessmøte 2, vil det bli utarbeidd eit plandokument. Dette dokumentet blir vedtatt av kontrollutvalet før det blir sendt vidare til fylkestinget for endeleg vedtak.

### 1.6 Lesarrettleiing

Innspela som er samla inn i samband med den ROV-vurderinga er systematiserte og framstilte i dette dokumentet. Dokumentet er meint som eit grunnlag for kontrollutvalet for å velje ut og prioritere forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar.

I kapittel 2 gir vi ei kort oversikt over organiseringa av og nøkkeltala for fylkeskommunen .

Kapittel 3 og 4 omhandlar forvaltningsrevisjon. Her presenterer vi oversikt over identifiserte risikoområde innan dei ulike verksemdsområda og eigarskapa til fylkeskommunen som er eit resultat av undersøkinga vi har gjort i samband med analysearbeidet. Risikovurderingane og forslag til prosjekt er basert på ein overordna gjennomgang av fylkeskommunen sine tenesteområde og dei selskap fylkeskommunen har eigarskap i.

I kapittel 5 presenterer vi dei risikovurderingane vi har gjort for fylkeskommunen når det gjeld eigarskapskontroll.

Kapittel 6 inneheld oversikt over tidlegare gjennomførte og pågåande forvaltningsrevisjonar, selskapskontrollar, eigarskapskontrollar, samt oversikt over gjennomførte og planlagde tilsyn.

I kapittel 7 viser vi forslaga våre til moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar basert på dei risikovurderingane som er gjennomførte. Forslaga til prosjekt er ikkje presentert i prioritert rekkefølge. Prioritering og val av prosjekt skal kontrollutvalet gjere. Kontrollutvalet står også fritt til å leggje til og/eller ta bort prosjekt i lista som her er presentert. Endeleg prioritering av prosjekt blir framstilt i plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 og plan for eigarskapskontroll 2020-2024, som skal leggjast fram for fylkestinget.

---

[1] Ikkje alle interkommunale selskap (IKS) er underlagt innleveringsplikt til Brønnøysundregisteret. Det førekjem også at slike selskap ikkje leverer årsrekneskap til Brønnøysundregisteret. I desse tilfella har ikkje revisjonen tilgang på nøkkeltal. Slike manglande data vil bli opplyst om der det er relevant.

# 2. Organisering og nøkkeltal

## 2.1 Organisering

Leiinga i Vestland fylkeskommune består av fylkesrådmann og sju fylkesdirektørar. Det er sju avdelingar med tilhøyrande tenesteområde. Avdelingane går fram i figur 1 under.

Figur 1: organisasjonskart Vestland fylkeskommune




## 2.2 Finansielle nøkkeltal

**Netto driftsresultat** blir i ulike samanhengar, mellom anna av berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU), sett på som hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunesektoren. Netto driftsresultat viser kor mykje som kan disponerast til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. TBU tilrår at netto driftsresultat for fylkeskommunane er på 4 %.

Ettersom 2020 er første år som ny fylkeskommune ligg det ikkje føre finansielle nøkkeltal for Vestland fylkeskommune utover det som finst i budsjettdokumentet (budsjett 2020/økonomiplan 2023).

Det er budsjettert med driftsinntekter på 12 931 mill. kr i 2020. Ved rekneskapsføringa kjem m.a. meirverdikompensajon, trygderefusjonar og særskilde tilskot i tillegg, og det er venta at dei rekneskapsførde driftsinntektene vil liggja i området 13,5 til 14 mrd. kr.

For 2020 er netto driftsresultat i Vestland fylkeskommune rekna å bli 467 mill. kr. Dette utgjer 3,6 % av driftsinntektene, følgjeleg noko under det tilrådde nivået frå TBU på 4 %. I 2018 hadde Sogn og Fjordane eit netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene på 5,9 %, mens Hordaland hadde 1 %.

I budsjettet for 2020 viser fylkeskommunen til at Telemarksforsking i ein rapport om økonomiske nøkkeltal har tilrådd disposisjonsfond på 5-10 % av fylkeskommunen sine inntekter. Sogn og Fjordane hadde eit disposisjonsfond på 27,5 % i 2018 og Hordaland eit disposisjonsfond på 3,6 %. Disposisjonsfonda blei i stor grad lagt inn som finansieringskjelder i dei siste økonomiplanane til dei to gamle fylkeskommunane, og Vestland må bruke mykje av det resterande til saldering. Det er i følgje budsjettet for 2020 derfor forventa at disposisjonsfondet til Vestland vil vere ein del under 10%. Målet for Vestland vil vere å byggje opp eit disposisjonsfond til 10 %.

Det blir også opplyst i budsjettet for 2020 at Vestland vil ha ein lånegjeld på mellom 13 og 14 mrd. ved inngangen til 2020. Lånegjelda er forventa å auke gjennom økonomiplanperioden og det er estimert at den vil auke til om lag 19,8 mrd på slutten av økonomiplanperioden. Riksrevisjonen tilrår at ei gjeldsgrad på maks 79 % av årlege driftsinntekter, og det blir opplyst at dette også vil vere målet på sikt for Vestland.

Tabellen under viser **løyvingar til dei ulike tenesteområda** i Vestland fylkeskommune i 2020.

Figur 2: Sektorbudsjett i Vestland fylkeskommune (beløp i 1000 kr)[2]

| Sektor | Driftsbudsjett | Brutto driftsutgifter | Driftsinntekter | Netto driftsutgifter |
|---|---|---|---|---|
| Politisk styring, kontrollutval og organisasjon og økonomi | | 780 374 | -45 355 | 735 019 |
| Strategisk utvikling og digitalisering | | 179 634 | -9 750 | 169 884 |
| Tannhelse | | 426 834 | -158 677 | 268 157 |
| Kultur, idrett og inkludering | | 625 285 | -313 520 | 311 765 |
| Infrastruktur og veg | | 1 167 692 | - | 1 167 692 |
| Mobilitet og kollektiv | | 4 227 419 | -1 708 265 | 2 519 154 |
| Innovasjon og næringsutvikling | | 313 191 | -76 438 | 236 753 |
| Opplæring og kompetanse | | 3 759 810 | -291 600 | 3 468 210 |
| **Totalt** | | **11 480 239** | **-2 603 605** | **8 876 634** |

Dei største postane i sektorbudsjettet er mobilitet og kollektiv (4 227 millionar) og opplæring og kompetanse (3 759 millionar).

I fylkeskommunen sin 2. tertialrapport for 2020 blir det opplyst at fylkeskommunen ligg an til eit budsjettavvik på 42,5 millionar som følgje av koronapandemien. Avviket skyldast i hovudsak svikt i inntekter innan mobilitet og kollektiv (-56 millionar), opplæringssektoren (-39 millionar) og tannhelse (-12 millionar). Det blir understrekt at den underliggande negative drifta eigentleg er på 120 millionar, då 77,5 av millionane i prognosen er eit eingongtilskot til miljøvenlege ferjer som fylkesrådmann har føreslått som buffer mot svingingar. Tala i 2. tertialrapport er vesentleg betre enn dei som kom fram i 1. tertialrapport (kor det blei budsjettert med eit negativt avvik på 767 millionar), men statlege overføringar og innsparingar i fylkeskommunen gjer at det no ser betre ut. På tross av dette peiker Fylkesrådmannen på at det samla sett fortsett går mot eit negativ budsjettavik på drift.

## 2.3 Befolkningsutvikling

Befolkningsutviklinga i fylkeskommunen er relevant å omtale av fleire årsaker. For det første er innbyggjartilskot ein del av inntektssystemet til fylkeskommunane. Vidare må tenestene tilpassast demografiske endringar i befolkninga.

Hordaland fylkeskommune utarbeidde i 2019 prognosar for befolkningsutviklinga i Vestland fylke fram mot 2045.[3] Av rapporten går det fram at Vestland fylkeskommune har 633 177 innbyggjarar per 1.1.2019. I 2018 hadde Vestland ein negativ nettoflytting for både Hordaland og Sogn og Fjordane, noko som sist skjedde for fylka samla i 1997. Flytteunderskotet var på 548 personar i 2018. Det er hovudsakeleg innvandring frå andre land som har bidratt til netto tilflytting til fylket, og det blir peika på at nettoinnvandringa i Vestland har vore mykje lågare dei siste to-tre åra enn 10-12 år førre.

[2] Tala er henta frå Vestland fylkeskommune sitt budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023
[3] https://www.vestlandfylke.no/globalassets/statistikk-kart-og-analyse/rapportar-og-analysar/vestlandsanalysar/2019/aud-rapport-nr.-13.1-19---fylkesprognoser-2019-vestland-befolkning1.pdf

I befolkningsprognosen kjem det fram at det i 2018 blei fødd 6 768 personar i Vestland, mens det døde 4 707. Dette gjev eit fødselsoverskot på 2 061, som er det lågaste sidan 2002. I følgje prognosen vil fødselsoverskotet gå ned til 332 i 2044. Vidare går det fram at talet fødde er venta å gradvis gå litt nedover framover, som følgje av utflating i talet kvinner i fruktbar alder, medan talet døde er venta å auke relativt kraftig i takt med auka tal eldre.

Folkeveksten var i 2018 på 0,2 %. Det er det lågaste sidan 1999. Veksten er i følgje rapporten venta å ligge på 0,4 % i 2019, men gå gradvis nedover igjen til under 0,2 % i 2044. Dei eldste gruppene vil vekse meir enn dei yngste, og dei over 75 vil bli relativt sett fleire enn i dag, mens dei under 60 vil bli relativt sett færre.

## 2.4 Fylkeskommunen sine eigarskap

Vestland fylkeskommune har fem heileigde selskap, eigarinteresser i 14 selskap saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar, og i 29 selskap med innslag av private eller statlege aktørar på eigarsida. Fylkeskommunen sine eigarskap vil bli nærare omtalt i kapittel 4. Eigarskapa går fram i tabellen under:

Tabell 1: Eigarskap

| Selskap | Bransje | Selskapsform | Eigardel |
|---|---|---|---|
| Valen kraftverk AS | Produksjon av elektrisitet frå vasskraft | AS | 100 % |
| Bybanen AS | Transport med sporveis- og forstadbane | AS | 100 % |
| HFK Bussanlegg AS | Transport | AS | 100 % |
| Beredt AS | Arbeidstreningsbedrift | AS | 100 % |
| Teater vestland AS | Teaterverksemd | AS | 80 % |
| Opplæringsfartøy AS | Eie og drive opplæringsfartøy på Måløy | AS | 76,5 % |
| Det vestnorske teateret AS | Teaterverksemd | AS | 60 % |
| Fjord Invest såkorn AS | Investeringsselskap | AS | 55,9 % |
| Sogn og Fjordane fondet AS | Investeringsselskap selskap i tidleg utviklingsfase | AS | 50 % |
| Trivselshagen IKS | Skaffa og drive eigedom til bruk for Firda vidaregåande skule | IKS | 50 % |
| Grieghallen IKS | Utleige av kulturlokale | IKS | 50 % |
| Vestnorsk filmsenter AS | Produksjon av film, video og fjernsynsprogram | AS | 50 % |
| Moster Amfi og kyrkjehistorisk senter AS | Kulturverksemd og drift av restaurant | AS | 50 % |
| Moster 2024 AS | 1000-årsjubeleum | AS | 50 % |
| Lutelandet utvikling AS | Bedriftsrådgiving | AS | 48 % |
| Campus Førde Verftet AS | Utdanningstenester | AS | 45 % |
| Hardanger AKS AS | Arbeidstreningsbedrift | AS | 38,8 % |
| Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS | Næringsutvikling | AS | 38,17 % |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS | Etablere og drive Vitensenteret i Sogn og Fjordane | AS | 33,33 % |
| Ferde AS | Bompengefinansiering | AS | 33 % |
| Skyttel AS | Drift av betalingslysingar for ferje og bompengar | AS | 33 % |
| Den Nationale scene AS | Teaterverksemd | AS | Om lag 33 % |
| Gulen og Masfjorden Utvikling AS | Næringsutvikling | AS | 32,1 % |
| In Via AS | Arbeidstreningsbedrift | AS | 32 % |
| Norsk fjordhestsenter AS | Kompetansesenter for fjordhest | AS | 30 % A-aksjar og 33 % B-aksjar |
| Origod AS | Arbeidstreningsbedrift | AS | 23,9 % |
| Kveik AS | Arbeidstreningsbedrift | AS | 23,34 % |
| Njøs frukt- og bærsenter AS | Foredlingssenter for norske frukt- og bærsortar | AS | 22,2 % |
| Sunnhordland lufthamn AS | Lufttransport | AS | 21 % |
| Sogn og Fjordane holding AS | Holdingselskap | AS | 20 % |
| Sogneprodukt AS | Arbeidstreningsbedrift | AS | 20 % |
| Bergen Vitensenter | Populærvitskapeleg oppleving- og læringssenter | AS | 19 % |
| Fjord Norge AS | Reiseliv | AS | 17,8 % |
| Opero holding AS | Arbeidstreningsbedrift | AS | 16,64 % |
| Carte Blanche AS | Underholdningsverksemd innan scenekunst/samtidsdans | AS | 15 % |
| Vigo IKS | Programmeringstenester | IKS | 1/11 |
| Gløde AS | Arbeidstreningsbedrift | AS | 7,09 % |
| Innovasjon Norge | Næringsutvikling | Annet foretak ifølge særskilt lov | 5,16 % |
| Atheno AS | Bedriftsrådgjeving | AS | 3,10 % |
| E134 Haukelivegen AS | Interesseorganisasjon som arbeider for utbygging og heving av standard av E134 Haukelivegen | AS | 3,10 % |
| Framtidsfylket AS | Trainee-ordning i Sogn og Fjordane | AS | 2,8 % |
| Sarsia Development AS | Investeringsselskap | AS | 1,53 % |
| Kommunekraft AS | Handel med elektrisitet | AS | 1 aksje |
| Biblioteksentralen SA | Engroshandel med bøker, aviser og blad | Samvirkeføretak | 0,8 % |
| Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane SA | Organ for samarbeid for læreverksemder med opplæringsansvar | Samvirkeføretak | Ukjent |
| Sinjarheim SA | Kulturbevaring | Samvirkeføretak | Ukjent |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kommunearkivinstitusjonenes digitala ressurssenter SA | Drift av arkiver | Samvirkeføretak | Ukjent |

Kommunale føretak og vertskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon, og er derfor omfatta av ROV-vurderingane knytt til dette. Stiftingar og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon av selskap, og er difor ikkje omtala i denne delen av ROV-vurderinga. Både kommunale føretak, vertskommunesamarbeid, stiftingar og foreiningar er lista opp i seksjon 4.3, og eventuelt drøfta i ROV-vurderinga om dette er vurdert som relevant.

# 3. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, vil vi i dette kapittelet vurdere risiko for manglande målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging og internkontroll som er identifisert innan dei verksemdsområda som er gjennomgått i Vestland fylkeskommune.

Overskriftene i kapittel 3.1-3.7 følgjer den administrative organiseringa i Vestland fylkeskommune.

Risikonivå er i tabellane farga med raudt som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

| Fargesymbol | Skildring av risikovurdering |
|---|---|
|  | **Høg risiko**<br><br>På område som er merka med raudt meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for anten manglande produktivitet, målinnfriing, regeletterleving eller effektivitet. |
|  | **Middels risiko**<br><br>På område som er merka med gult meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for anten manglande produktivitet, målinnfriing, regeletterleving eller effektivitet. |

I tabellane under vil vi under kvar sektor omtale utvalde område og tema. Dette er område og tema som blir framheva i dei data som revisjonen har analysert. Det betyr at område der det ikkje eksplisitt er identifisert risiko ikkje er omtala.

Det blir kommentert dersom det er planlagt tilsyn eller gjennomført forvaltningsrevisjonar eller tilsyn dei siste åra innanfor dei områda og temaa som er omtala.

Under kvart område identifiserer vi dei hovudtema analysen viser at det er knytt risiko til. Dette vil vere naturlege moment som takast med i ein eventuell forvaltningsrevisjon.

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønnsmessige, og at vurderingane er baserte på tilgjengeleg informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er føreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvaltningsrevisjonsprosjekt i dei planane som blir lagt fram for fylkestinget.

Vi vil ta atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i fylkeskommunen.

## 3.1 Organisasjon og økonomi/sektorovergripande tema

Avdeling for organisasjon og økonomi utgjer staben for fylkeskommunen saman med avdeling for strategisk utvikling og digitalisering. Hovudoppgåva til avdelinga er drift og utvikling av organisasjonen, mellom anna legge til rette for og sørge for støttesystem, service- og fellesfunksjonar, samt utarbeide informasjon og kunnskapsgrunnlag til toppleiinga.

Avdelinga har mellom anna ansvar for budsjett, løn og rekneskap, finansforvaltning og konsesjonsforvaltning, innkjøp, organisasjonsutvikling, kommunikasjon og HR.

Figur 3: organisasjonskart avdeling for organisasjon og økonomi[4]




[4] Dei avdelingsvise organisasjonskarta er henta frå Vestland fylkeskommunen sine nettsider.

Tabell 2: Identifiserte risikoområde knytt til organisasjon og økonomi

| Område og tema | Observasjonar | Vurderingar/moglege konsekvensar | Risiko |
|---|---|---|---|
| **Sjukefråvær og HMT**<br>• Inkluderande arbeidsliv<br>• Oppfølging av personalsaker<br>• Vald og truslar | Sjukefråværet i både Sogn og Fjordane og i Hordaland var i 2019 var på 6,1 % i begge fylkeskommunen.[5]<br><br>I spørjeundersøkinga blir det peika på at mykje tid har gått med til å forbetre rutinar og reglement etter samanslåinga, som har gått ut over av arbeid knytt til inkluderande arbeidsliv og personalsaker.<br><br>Det blei gjennomført forvaltningsrevisjon av HMT og inkluderande arbeidsliv i Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2019.<br><br>I undersøkinga blir det stilt spørsmål ved om fylkeskommunen har registrert tilfelle av vald og truslar og om det er etablert tilstrekkeleg med planar for å handtere slika hendingar. | • Ikkje tilstrekkeleg merksemd på IA-arbeid<br>• Ikkje tilstrekkeleg merksemd retta mot å følgje opp personalsaker<br>• Ikkje tilstrekkeleg system for å handtere vald og truslar | |
| **HR- arbeid**<br>• Tidkrevjande tilsetjingssaker<br>• Internopplæring og kurs | I spørjeundersøkinga blir det peika på at saksbehandling i tilsetjingssaker tar lang tid og det er risiko for at fylkeskommunen mister kvalifiserte søkarar.<br><br>I intervju blir det peika på at det er utfordrande å balansere kor mykje ressursar fylkeskommunen skal bruke på informasjon og opplæring. Det blir opplyst at e-læring og webinar er viktige opplæringstiltak, men at dette ikkje er tilstrekkeleg. Det blir opplyst at det kan vere nødvendig med ein integrasjon mot HR-modulen slik at det blir definert kva som er obligatoriske kurs for alle tilsette. Tannhelse må ha sine eigne program/opplegg. | • Fylkeskommunen kan miste kvalifiserte søkjarar<br>• Manglande kompetanse | |
| **Internkontroll, kvalitetssystem og risikovurderingar**<br>• Implementering av nytt kvalitetssystem<br>• Overordna risikovurdering<br>• Kommunikasjon med tilsette | I intervju blir det opplyst at det ikkje har vore gjort ei overordna risikovurdering etter samanslåinga.<br><br>I undersøkinga blir det peika på at Sogn og Fjordane ikkje hadde kvalitetssystem, og at det dei hadde i Hordaland ikkje var tilstrekkeleg godt. Dei er no i gong med å implementere nytt kvalitetssystem i Vestland. I spørjeundersøkinga blir det peika på at det har vore tidkrevjande å ta i bruk kvalitetssystemet. I spørjeundersøkinga blir det peika på at det kunne vore interessant å sjå på bruk av sak- og arkivsystemet og kvalitetssystemet i ein forvaltningsrevisjon. | • Mangelfull oversikt over risiko<br>• Krevjande å implementere kvalitetssystemet | |

[5] Det er ikkje tilgjengeleg nyare data for den nye fylkeskommunen.

| | | | |
|---|---|---|---|
| | I intervju blir det vist til at fylkeskommunen i dag har ei rekke rutinar og system men at utfordringa ofte ligg i at desse ikkje alltid er tilstrekkeleg kjent. Til dømes kan dei vise til at fylkeskommunen har rutinar for seksuell trakassering, men ikkje alle veit kor den ligg og kva den inneheld.<br><br>I intervju blir det peika på at i samband med fylkessamanslåinga blei det sendt ut regelmessige statusmeldingar frå prosjektleiar, men det blei funne at berre om lag 25 % opna e-postane. Kommunikasjon er dermed ei stor utfordring.<br><br>Det blir opplyst i intervju at fleire medarbeidarar i mindre grad er tilgjengeleg per e-post, til dømes driftspersonell og reinhaldarar, medan tannhelsepersonell og lærarar nyttar e-post, men er ikkje like tilgjengeleg per e-post som anna personell. | | |
| **Varsling**<br>• System | Det kjem fram i intervju at systemet for varsling bør gjennomgåast, sjølv om oppfatninga er at rutinane har vore gode. Årsaka er at organisasjonen no er ny etter samanslåinga. | • Risiko for at varslingsrutinane ikkje er tilstrekkeleg tilpassa og kjent | |
| **Fullmaktsstruktur**<br>• Oppdatert reglement<br>• Tydelege fullmakter | Det blir peika på manglar knytt til det administrative delegeringsreglementet og at det er ei utfordring å få på plass ny fullmaktsstruktur.<br><br>I spørjeundersøkinga blir det opplyst at grenseflatene mellom stab og lineavdeling kan være uklare, særleg på personalområdet. Det blir også peika på utfordringar knytt til utydeleg delegering som kan medføre manglande avgjerder . Det blir også foreslått i spørjeundersøkinga at det undersøke om avgjerdsmynde på ulike er tilstrekkeleg tydeleg kan vere tema for forvaltningsrevisjon. | • Uklar delegering og fullmakter | |
| **Sakshandsaming og vedtaksoppfølging**<br>• Lite brukarvenleg sakshandsamings-system<br>• Manglande saksgrunnlag og rapportering<br>• Kapasitet | I undersøkinga blir det stilt spørsmål ved om administrasjonen har eit tilstrekkeleg system som gjer at dei følgjer opp og rapporterer tilstrekkeleg om verbalpunkta i fylkeskommunen sitt budsjett<br><br>Fylkeskommunen brukar ePhorte til oppfølging av vedtak. Både i intervju og spørjeundersøkinga kjem det fram at ePhorte ikkje er eit brukarvennleg system og at det har fleire manglar.<br><br>Det er også ein risiko for at saker kan gleppe dersom saksbehandlar er langtidssjukemeldt, derfor hentar politisk sekretær ut halvårlege restansar som blir levert til fylkesdirektør. | • Mangelfull eller ikkje rettidig rapportering og vedtaksoppfølging<br>• Unødig tidsbruk i tungvindt system | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Det blir kommentert i spørjeundersøkinga at det er nokre utfordringar i saksførebuing av saker knytt til manglande saksgrunnlag og for sein utsending av saksdokument. Det blir også kommentert at rapportering på oppfølging av politiske saker kan vere noko mangelfull.<br><br>I intervju blir også i intervju peika på at det kan vere kapasitetsutfordringar knytt til politiske saksutgreiingar og særleg dersom politikarane kjem med tilleggsbestillingar. | | |
| **Økonomistyring og budsjettering**<br>• Krevjande økonomisk situasjon<br>• Avvik | I spørjeundersøkinga er det fleire som peikar på at det er store utfordringar knytt til å holde budsjett og at fylkeskommunen skal gjennomføre store sparetiltak dei neste åra. I tillegg blir det opplyst at det er utfordrande å betale ned gjeld og samtidig gjere nye investeringar. I 2. tertialrapport for 2020 blir det opplyst at fylkeskommunen an til eit avvik på 42,5 millionar.<br><br>Det blir kommentert i intervju at fellesutgifter, tannhelseteneste og Skyss/Kringom er områda med størst avvik i budsjetta, og då særleg sistnemnde. Første tertial i 2020 låg fylkeskommunen an til å ha eit avvik på 700 millionar, kor Skyss/Kringom var mykje av årsaka.<br><br>I prosessmøte 1 med kontrollutvalet blir det peika på at det kan vere risiko knytt til økonomiavdelinga som følgje av at fylkeskommunen er i ein utfordrande økonomisk situasjon. Organisasjonen er ny, det er nye medarbeidarar og det blir peika på at dette kan auke risikoen for feilvurderingar.<br><br>Vidare blir det peika på at det kan vere vanskeleg for fylkeskommunen å sikre korrekt budsjettering når dei får overført nye oppgåver, dette gjeld i dag mellom anna sams vegadministrasjon, riksantikvaren og fiskerihamn. I undersøkinga blir det peika på risiko for at fylkeskommunen si bemanning til å skjøtte dei nye oppgåvene er for låg<br><br>I intervju blir det opplyst at det kunne vore interessant å sjå på økonomistyringssystem og budsjettoppbygging gjennom ein forvaltningsrevisjon.<br><br>Frå administrasjonen blir det samtidig peika på at ein bør unngå forvaltningsrevisjon av budsjettering og styringssystem det første 1-1,5 åra fordi fylkeskommunen treng denne tida for å iverksette systemet på ein god måte. | • Sparetiltak<br>• Krevjande å betale ned gjeld<br>• Ikkje tilstrekkeleg oversikt over fylkeskommunen sine kostnader ved overtak av statlege oppgåver | ● |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Investeringar**<br>• Styring og kontroll | Fylkeskommunen står for ei rekke store investeringar og har i følgje budsjettet planlagt investeringar for nær 6 milliardar i 2020.<br><br>Investeringsoversiktane i budsjettet for 2020 viser at dei tre største investeringane i økonomiplanperioden 2020-2023 er fjerde byggjesteg av bybanen (4,87 millionar), byvekstavtalen (1,25 milliard) og ombygginga av fylkesrådhuset(1,1 milliard).<br><br>Storleiken på investeringane gjer at dette området har ein ibuande risiko. I undersøkinga er det ikkje framheva særskilte prosjekt som det er knytt risiko til.<br><br>Det blei gjennomført ein  forvaltningsrevisjon av planlegging av investeringar i Hordaland fylkeskommune i 2017 | • Risiko for budsjettsprekk og store økonomiske tap<br>• Risiko for mangelfull styring | |
| **Innkjøp**<br>• Bruk av rammeavtalar vs. lokale innkjøp<br>• Kontraktsoppfølging<br>• Innkjøp innan infrastruktur og veg | I intervju kjem det fram at det fylkeskommunen vurderer om det burde vere færre personar som er ansvarleg for å gjennomføre innkjøp.<br><br>I undersøkinga blir det peika på at det kan vere utfordrande leggje til rette for både bruk av rammeavtalar og det å støtte lokal næringsliv.<br><br>Det blir peika på i intervjua at avdeling for infrastruktur og veg ikkje har mykje erfaring på innkjøp som følgje av at innkjøp tidlegare var lagt til Statens vegvesen.<br><br>I undersøkinga blir det peika på at det hadde vore nyttig med ein forvaltningsrevisjon av innkjøp. Kontraktsoppfølging kan vere eit utfordrande område som bør inngå i ein eventuell revisjon på innkjøpsområdet.<br><br>Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av innkjøp i Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2017 og ein forvaltningsrevisjon av innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular  i Hordaland i 2016. | • Mangelfull kompetanse og erfaring<br>• Mangelfull regeletterleving | |
| **Etikk**<br>• Tenester og sal i strid med lov  eller fylkeskommunen sitt etiske reglement | I intervju blir det peika på at er risiko for at det blir drive «butikk i butikken» verksemd, til dømes utsal av gartnarverksemd, sal av produkt eller verkstadsytingar på skular eller på entrepriseområdet. Det blir kommentert at det ikkje til tilstrekkeleg transparent økonomi på slike tenester.<br><br>Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular  i Hordaland i 2016. | • Risiko for at etisk reglement ikkje er tilstrekkeleg kjent og/ eller følgt opp<br>• Risiko for regelbrot | |

## 3.2 Strategisk utvikling og digitalisering/sektorovergripande

Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering er ein ny sektor som er etablert i fylkeskommunen og består av ulike delar av avdelingane i de to gamle fylka. Avdelinga har seks seksjonar; IKT, statistikk, kart og analyse, plan, klima og folkehelse, Vestland tannhelseteneste og seksjon stab (inkl. beredskap). Avdelinga skal styrke fylkeskommunen sin rolle som samfunnsutviklar, samordne aktivitet med kommunar og andre eksterne aktørar, arbeide med regional planstrategi, samordne intern aktivitet og sektorovergripande prosessar og ta ei leiande rolle i fylkeskommunen sitt digitaliseringsarbeidet.

Figur 4: organisasjonskart for avdeling for strategisk utvikling og digitalisering



Tabell 3: Identifiserte risikoområde knytt til strategisk utvikling og digitalisering

| Område og tema | Observasjonar | Vurderingar/moglege konsekvensar | Risiko |
|---|---|---|---|
| **Klima, miljø og berekraft**<br>• FNs berekraftsmål<br>• Måloppnåing klimamål<br>• Klimautslepp transporttenester<br>• Innkjøp og grøne anskaffingar | I budsjettet for 2020 blir det opplyst at FN sine berekraftsmål ligg til grunn for arbeidet med nye Vestland.<br><br>Vidare blir det opplyst at Vestland må kutte klimagassutsleppa med 5,6 % årleg fram mot 2030 for å følgje nasjonens og EU sitt mål om 40 % reduksjon fram mot 2030.<br><br>I budsjett for 2020 har Vestland fire klimamål:<br>1. Redusere klimagassutslepp frå innkjøpte transporttenester i Vestland<br>2. Redusere klimagassutslepp frå bygg og infrastruktur i Vestland<br>3. Klimaomstilling Vestland<br>4. Grøn konkurransekfraft<br><br>Det blir opplyst i intervju at det er risiko for at fylkeskommunen ikkje når resultatmål innan klima. | • Mangelfull implementering av FNs klimamål i organisasjonen |  |
| **Planarbeid**<br>• Måloppnåing i høve til planverk<br>• Regional kystsoneplan | Det blir opplyst i intervju at fylkeskommunen ofte har for mange og for overambisiøse mål i fleire av dei fylkeskommunale planane.<br><br>I prosessmøte 1 blir det opplyst at det er knytt risiko til kva system ein har for dei regionale planane og korleis dei blir utført. Regional kystsoneplan blir nemnt som eit døme på ein plan som ikkje blei koordinert godt nok. | • Mangelfull etterlevinga av planverk<br>• Mangelfull koordinering av planar |  |
| **Informasjonstryggleik og personvern**<br>• Informasjons-tryggleik<br>• Handtering av personopplysningar<br>• Kompetanse | Det blir opplyst i intervju at informasjonstryggleik og personvern er risikoområde i fylkeskommunen. I spørjeundersøkinga blir det opplyst at fylkeskommunen manglar gode nok system for handtering av personopplysningar<br><br>Fylkeskommunen har nyleg bestilt ein forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleiken i Vestland fylkeskommune som blir ferdig hausten 2020. | • Ikkje tilstrekkeleg etterleving av regelverk |  |
| **Digitalisering**<br>• Digitale system<br>• Digital kompetanse | I spørjeundersøkinga blir det peika på at fylkeskommune burde vore betre på digitalisering. Det blir videre peika på at det var mykje som ikkje fungerte digitalt på vidaregåande skular under koronapandemien våren 2020. | • Risiko for at arbeidsprosessar blir forseinka eller ikkje utført. |  |
| **Tannhelse**<br>• Prioritering av pasientar etter tannhelsetenestelova | Deloitte gjennomfører ein forvaltningsrevisjon av tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune hausten 2020. Revisjonen ser mellom anna på om prioriterte grupper av tannhelsetenester får tilbod om dette og om økonomistyringa knytt til tannhelsetenesta er tilfredsstillande. | • Ikkje tilstrekkeleg tilbod til prioriterte grupper<br>• Ikkje korrekt ressursbruk |  |

| | | | |
|---|---|---|---|
| • Økonomistyring | | | |
| **Samhandling på tvers**<br>• Silotenking<br>• Måloppnåing<br>• Ny organisasjon og arbeidsmiljø | Det blir i intervju peika på at samarbeid på tvers alltid er utfordrande i ein linjeorganisasjon som fylkeskommunen er. I undersøkinga blir det vist til at det er myke silotenking i ulike deler av verksemda og at det er utfordrande å bryte ned desse siloane.<br><br>I spørjeundersøkinga blir det mellom anna peika på at det manglar rutinar for prosjektorganisering, kommunikasjon og fordeling av ansvar. Videre blir det i spørjeundersøkinga opplyst at organisasjonen no er meir komplisert enn tidlegare, er det noko utforande å vite kven som har ansvar for å følgje opp sakar, og det kan vere noko overlappande sakshandsaming. Det blir også peika på at det har vore mange avdelingar å byggje opp etter samanslåinga, lite fokus på personoppfylging og at avdelingane kan ha forskjellege arbeidskulturar, som gjer samhandling utfordrande.<br><br>Det blei gjennomført forvaltningsrevisjon av samhandling og prosjektstyring i Sogn og Fjordane fylkeskommune  i 2015. | • Risiko for silotenking og ikkje tilstrekkeleg samarbeid |  |
| **Beredskapsorganiseringa**<br>• Tilstrekkelege planar | Det blir i spørjeundersøkinga stilt spørsmål om fylkeskommunen har sin regional beredskapsplan er tilstrekkeleg og det blir foreslått å sjå på dette i ein forvaltningsrevisjon.<br><br>Det blei gjennomført forvaltningsrevisjon av tryggleik og beredskap i Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2014 | • Ikkje tilstrekkelege planar |  |

### 3.3 Kultur, idrett og inkludering

Avdelinga består av seksjonane arkiv, bibliotekutvikling, kulturformidling, kunst- og kulturformidling, kulturarv, idrett og friluftsliv, stab og inkludering, stategi og analyse. Avdelinga skal leggje til rette for utforminga av ein sterk og kunnskapsbasert kulturpolitikk i Vestland og samhandlar med stat, kommunar og sivilsamfunn. I budsjettet for 2020 blir det opplyst at fylkeskommunen overtar fleire oppgåver frå staten i 2020, både innan integrering, kulturminneområdet og friluftsliv.

Figur 5: organisasjonskart for avdeling for kultur, idrett og inkludering



Tabell 4: Identifiserte risikoområde knytt til kultur, idrett og inkludering

| Område og tema | Observasjonar | Vurderingar/moglege konsekvensar | Risiko |
|---|---|---|---|
| **Oppfølging av planar på kulturområdet**<br>• Overambisiøse mål<br>• Manglande kapasitet og finansiering | Innan kulturområdet blir det peika på at ein opplever at det er for få tilsette til å følgje opp etablerte planar og nå dei mål som er sett. Kulturminneplan for Hardangervidda blir peika på som eit døme på ein omfattande plan det er vanskeleg å gjennomføre som følgje av avgrensa finansiering og kapasitet. | • Mangelfull implementering av planar |  |
| **Tilskotsforvaltning**<br>• System og rutinar<br>• Kompetanse<br>• Ulike regime for tilskotsforvaltning | Det blir opplyst i intervju at Sogn og Fjordane og Hordaland hadde ulike rutinar for tilskotsforvaltning, men at fylkeskommunen er i gong med å lage eit felles system.<br><br>Det blir i undersøkinga peika på at det er risiko for at tilskotsforvaltninga ikkje har vore tilfredsstillande med omsyn til etterrettelegheit, openheit, transparens og habilitet.<br><br>I intervju blir det frå politisk hald opplyst at tilskotsforvaltning kan vere eit tema for forvaltningsrevisjon, både knytt til vurdering av søknader, oppfølging og etterkontroll av tildelte tilskot. Det blir vist til at Deloitte nyleg gjorde ein forvaltingsrevisjon av ein tilskotsmottakar, men at utfordringane på område truleg er større enn førre forvaltningsrevisjonen avdekka. Den intervjua er bekymra for at kontrollen av dei som mottar tilskot er for dårleg og at særleg den økonomiske kompetansen blant mottakarane er for låg. Det blir også i andre intervju og i spørjeundersøkinga peika på at tilskotsforvaltninga kan vere tema for forvaltningsrevisjon, særleg fordi fylkeskommunen har fleire system for tilskotsforvaltning i dei ulike avdelingane. Det blir m. a kommentert at nokre avdelingar har ordningar der administrasjonen har fullmakter til å fordele summar, medan andre har ordningar kor alt skal handsamast politisk.<br><br>I undersøkinga blir det foreslått å sjå på fylkeskommunen sin samla tilskotsforvaltning (kultur og næringstilskot).<br><br>Deloitte har tidlegare gjennomført fleire forvaltningsrevisjonar av tilskotsforvaltninga:<br>• Hordaland fylkeskommune - Forvaltning av regionale utviklingsmidlar 2016,<br>• Sogn og Fjordane fylkeskommune - Tilskotsforvaltning innan kulturområdet og innan nærings- og samfunnsutvikling (2014)<br>• Hordaland fylkeskommune - Tilskotsforvaltning innan kulturområdet (2014) | • Risiko for mangelfull styring og oppfølging |  |

### 3.4 Infrastruktur og veg

Avdeling for infrastruktur og veg er en ny avdeling i forhold til organiseringa i Hordaland og Sogn og Fjordane. Fylkeskommunane fekk overført administrasjon av fylkesvegar frå Statens Vegvsen *gjennom «Prop. 1 S Tillegg 1 overføring av administrasjon av fylkesveier frå Statens vegvesen til Fylkeskommunene».*

Avdelinga består av fire seksjonar; stab, vedlikehald, drift og beredskap, forvaltning, utgreiing og geodata og planlegging og utbygging. Visjonen til avdelinga er å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg vegsystem som dekker samfunnet sitt behov for transport og fremjar regional utvikling. Avdelinga arbeider mellom anna med å planlegge og utgreie til bygging av veg, drift av vegnett, beredskap, samordne tiltak for å fremje trafikktrygging i fylket, utarbeiding av overordna planar for fylkesveg og for å redusere klimagassutslepp i omstillinga mot eit lågutsleppsamfunn.

Figur 6 organisasjonskart for avdeling for infrastruktur og veg



Tabell 5: Identifiserte risikoområde knytt til infrastruktur og veg

| Område og tema | Observasjonar | Vurderingar/moglege konsekvensar | Risiko |
|---|---|---|---|
| **Forvaltning av fylkesvegane**<br>• Overføring av oppgåver frå statens vegvesen<br>• Manglande internkontrollsystem og system og rutinar<br>• Kapasitet og kompetanse | Fra 1.januar 2020 overtok fylkeskommunane alt arbeid knytt til planlegging, bygging, forvaltning, drift og vedlikehald av fylkesvegane. Det blir opplyst i intervju at fylkeskommunen er i ein prosess med å utarbeide rutinar og kvalitetssystem.<br><br>I spørjeundersøkinga blir det opplyst at kvalitetssystemet ikkje er klart og det manglar fleire system og rutinar på avdeling for infrastruktur og veg som følgje av at avdelinga er nyoppstarta. Dette gjev ein del uvisse, og særleg for nytilsette. Det blir vidare peika på at Vestland ikkje har hatt ansvar for vegbygging tidlegare, og at fleire system ikkje er tilpassa det avdelinga har behov for. Blant systema som manglar er system for oppfølging på HMS og system for økonomioppfølging på prosjekt.<br><br>I spørjeundersøkinga blir det og peika på at det manglar beredskap ved hendingar som ras, flom og stengde vegar og at det er utfordringar knytt til å utbetre flaskehalsar.<br><br>Det blir elles stilt spørsmål ved fylkeskommunen sin kompetanse og evne til å halde framdriftsplanar på området.<br><br>I intervju blir det peika på at vegtenesta kan vere eit mogleg tema for forvaltningsrevisjon. Det har allereie vore ein del uro knytt til avvik i den økonomiske overføringa og berekna ressursbruk. Det blir særleg trekt fram i spørjeundersøkinga at det kan vere utfordrande å nå mål innan avdeling for infrastruktur og veg, som følgje av at dette er ei helt ny avdeling. Bemanninga blir vidare opplevd som knapp.<br><br>Deloitte gjennomførte i 2015 ein forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesvegar i Hordaland. | • Manglande internkontroll<br>• Mangelfull måloppnåing<br>• Kapasitet- og kompetanseutfordringar |  |

### 3.5 Mobilitet og kollektivtransport

Avdeling for mobilitet og kollektivtransport skal syte for at kollektivtilbodet i Vestland blir drifta på ei effektiv og god måte, slik at innbyggjarane får dekt sine reiseønskjer så godt som råd er. I byområda er kollektivtrafikken viktig som alternativ til bil. Det vil i åra som kjem skje stor utvikling på samferdselsområdet, med vekt på elektrifisering, automatisering, nye tenester og nye aktørar. Avdelinga består av seksjon for transportplan, seksjon for strategi og eigarstyring, stab og seksjon for forvaltning.

Figur 7: organisasjonskart for avdeling for mobilitet og kollektivtransport



Tabell 6: Identifiserte risikoområde knytt til mobilitet og kollektivtransport

| Område og tema | Observasjonar | Vurderingar/moglege konsekvensar | Risiko |
|---|---|---|---|
| **Internkontroll Skyss og Kringom**<br>• Etablering av felles system og rutinar | I intervju blir det peika på at avdelinga er i ein utfordrande situasjon som følgje av samanslåinga av Skyss/Kringom og at dei arbeidar med nye system. Det blir peika på at det kunne ha vore interessant å undersøke Skyss/Kringom når felles system og rutinar er på plass. Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av Skyss knytt til skuleskyss i 2016. | • Risiko for ikkje optimale system og rutinar |  |
| **Universell utforming på kollektivtransport**<br>• Universell utforming<br>• Regeletterleving | I intervju blir det frå politisk hald opplyst at kollektivfeltet og tilrettelegging for blinde og svaksynte er eit område med risiko, og at regelverket for universell utforming ikkje blir etterlevd på området. Det blir til dømes nemnt at det sjeldan er lydmeldingar om haldeplassar på buss og ved ankomst av buss på haldeplassar. | • Manglande etterleving av regelverk |  |
| **TT Ordninga**<br>• Organisering | I prosessmøte 1 med kontrollutvalet blir det peika på at det er viktig å ha gode system som sikrar at alle som har krav på TT-ordning får dette av fylket, og at dagens system fungerer tilfredsstillande? Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av transportordninga for funksjonshemma (TT-ordninga) i Hordaland 2019. Denne dekka også delvis TT- ordninga i Sogn og Fjordane. | • Risiko for ulik behandling |  |
| **Anskaffingar og kontraktsoppfølging**<br>• Skyss og Kringom<br>• Ferjer og hurtigbåtar<br>• Risikovurderingar for miljøvenlege anskaffingar | Det blir intervju peika på at anskaffingar og kontraktsoppfølging er definerande for dei økonomiske forpliktingane til fylkeskommunen og interessante område å sjå nærare på. Det blir peika på at anskaffingar i Skyss og Kringom er kompliserte og inneber vesentleg risiko.<br><br>I spørjeundersøkinga blir det opplyst at det er risiko for at avdelinga ikkje klarer å etterleve regelverket om offentlege anskaffingar.<br><br>Utviklingskontraktar blir peika på som eit område det kunne vore interessant med ein revisjon.<br><br>Det blir stilt spørsmål ved om det blir gjort tilstrekkeleg med risikovurderingar før anskaffingar med omsyn til dei krav som skal stillast til leverandørane. Stenge krav kan gjere det vanskelegare å finne leverandørar, og kan dermed gjere anskaffinga dyrare. Mellom anna blir det vist til at når ein vel dei mest miljøvennlege løysingane for nye ferjer blir det dyrare, og høgare risiko for at leverandørane og administrasjonen ikkje klarer å levere det politikarane ønskjer. | • Risiko for ikkje tilstrekkelege risikovurderingar<br>• Risiko for unødig høge kostnader<br>• Risiko for forseinkingar |  |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Drosjetilbod**<br>• Lovendring<br>• Kriteria for løyve | I prosessmøte 1 med kontrollutvalet blir det peika på at det er risiko knytt til drosjetilbodet. Det kjem fram i intervju at ei lovendring vil gjere løyveforvaltninga utfordrande og at området derfor hadde vore interessant for forvaltningsrevisjon for å belyse korleis lovendringa blei følgt opp.<br><br>I intervju blir det elles peika på at det er uvisse knytt til om desse blir følgt opp på ein god måte både av mottakarar av løyva og fylkeskommunen. | • Ikkje optimal løyveforvaltning | |

### 3.6 Innovasjon og næringsutvikling

Avdelinga består av seksjon for verdiskaping i byar og regionar, seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv, seksjon for forsking, kompetanse og internasjonalisering og seksjon for grøn vekst, klima og energi. Nokre av måla i avdelinga er å bidra til berekraftig omstilling i næringslivet, produsere fornybar energi, skape arbeidsplassar, nyskapande næringsliv, verdiskaping i regional og strategisk samarbeid med kommunar og andre næringsaktørar.

Seksjon for verdiskaping i byar og regionar har som målsetting å utvikling næringslivet i samarbeid med kommunale og regionale satsingar gjennom dialog og mobilisering. Seksjonen har hovudansvar for ny overordna plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke, samt årlege handlingsprogram. Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv har oppgåver knytt til havbruk, landbruk (fleire nye oppgåver innan landbruk frå 2020), reiseliv og marin sektor. Seksjon for forsking, kompetanse og internasjonalisering arbeider med forskingsbasert innovasjon gjennom auka bruk av nasjonale og regionale finansieringsordningar. Seksjon for grøn vekst, klima og energi har hovudansvaret for energi i fylkeskommunens. Dei har og oppgåver knytt til fornybar energi, sirkulærøkonomi, miljøkrav og liknande.

Figur 8: organisasjonskart for avdeling for innovasjon og næringsutvikling



Tabell 7: Identifiserte risikoområde knytt til innovasjon og næringsutvikling

| Område og tema | Observasjonar | Vurderingar/moglege konsekvensar | Risiko |
|---|---|---|---|
| **Akvakultur**<br>• Sakshandsaming av løyver<br>• Kapasitet og kompetanse | Vestland fylkeskommune handsamar søknader om løyve til nye oppdrettslokaliteter, endring på eksisterande lokalitetar i sjø og på land og tildeling av nye løyve til landbaserte anlegg for produksjon av laks og aure, andre marine arter enn laks og aure, og tare.<br><br>Det kjem vidare fram at eit risikoområde er å ha tilstrekkeleg og riktig kompetanse og sikre tilstrekkeleg samarbeid mellom fagpersonar som har relativt spissa kompetanse. Det blir samtidig opplyst at Vestland er med i FAKS (Fylkeskommunanes akvakulturssamarbeid) som skal sikre at fylkeskommunane har lik forvaltningspraksis.<br><br>I intervju blir det peika på at fylkeskommunen sitt ansvar innan akvakultur kunne vore eit forvaltningsrevisjonsprosjekt. | • Ikkje optimal kvalitet i sakshandsaminga<br>• Ikkje tilstrekkeleg samhandling for å dele og utvikle kompetanse | ● |
| **Tilskotsforvaltning**<br>• System og rutinar<br>• Kompetanse<br>• Ulike regime for tilskotsforvaltning | Det blir opplyst i intervju at Sogn og Fjordane og Hordaland hadde ulike rutinar for tilskotsforvaltning, men at fylkeskommunen er i gong med å lage eit felles system.<br><br>Det blir i undersøkinga peika på at det er risiko for at tilskotsforvaltninga ikkje har vore tilfredsstillande med omsyn til etterrettelegheit, openheit, transparens og habilitet.<br><br>I intervju blir det frå politisk hald opplyst at tilskotsforvaltning kan vere eit tema for forvaltningsrevisjon, både knytt til vurdering av søknader, oppfølging og etterkontroll av tildelte tilskot. Det blir vist til at Deloitte nyleg gjorde ein forvaltingsrevisjon av ein tilskotsmottakar, men at utfordringane på område truleg er større enn førre forvaltningsrevisjonen avdekka. Den intervjua er bekymra for at kontrollen av dei som mottar tilskot er for dårleg og at særleg den økonomiske kompetansen blant mottakarane er for låg. Det blir også i andre intervju og i spørjeundersøkinga peika på at tilskotsforvaltninga kan vere tema for forvaltningsrevisjon, særleg fordi fylkeskommunen har fleire system for tilskotsforvaltning i dei ulike avdelingane. Det blir m. a kommentert at nokre avdelingar har ordningar der administrasjonen har fullmakter til å fordele summar, medan andre har ordningar kor alt skal handsamast politisk.<br><br>I undersøkinga blir det foreslått å sjå på fylkeskommunen sin samla tilskotsforvaltning (kultur og næringstilskot). | • Risiko for mangelfull styring og oppfølging | ● |

Deloitte har tidlegare gjennomført fleire forvaltningsrevisjonar av tilskotsforvaltninga:

- Hordaland fylkeskommune - Forvaltning av regionale utviklingsmidlar 2016,
- Sogn og Fjordane fylkeskommune - Tilskotsforvaltning innan kulturområdet og innan nærings- og samfunnsutvikling (2014)
- Hordaland fylkeskommune - Tilskotsforvaltning innan kulturområdet (2014)

## 3.7 Opplæring og kompetanse

Avdelinga sitt ansvarsområde omfattar vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne i fylket, fagskuletilbod, samarbeid med arbeids- og næringsliv for å skaffe læreplassar, tilpassa opplæring, utvikling av dei vidaregåande skulane og sikre og utvikle kompetansen til lærarar og lærepersonell. Avdeliga består av seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering, seksjon for kvalitet i opplæringa, seksjon for kompetanse, stab, rettleiingstenesta (mellom anna PPT og OT) og dei 45 vidaregåande skulane i Vestland.

Figur 9: organisasjonskart for avdeling for opplæring og kompetanse




Tabell 8: Identifiserte risikoområde knytt til opplæring og kompetanse

| Område og tema | Observasjonar | Vurderingar/moglege konsekvensar | Risiko |
|---|---|---|---|
| **Trygt og godt skulemiljø**<br>• Oppfølging av mobbing<br>• Aktivitetsplikt | Det blir opplyst i intervju at trygt skulemiljø er eit område som skulane er opptatt av, særleg etter lovendringa. Endring av kapittel 9A i opplæringslova og nye reglar knytt til mellom anna mobbing og aktivitetsplikt kunne vore interessant å følgje opp med ein forvaltningsrevisjon. | • Regelbrot<br>• Ikkje tilstrekkeleg oppfølging av aktivitetsplikta i kapittel 9A i opplæringslova | ● (raud) |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | I spørjeundersøkinga blir det peika på at det er risiko for at avdelinga ikkje klarer å følgje opp elevane sin rett på eit godt psykososialt miljø.<br><br>Det er etablert mobbeombod i Vestland fylkeskommune som arbeider for at barn og unge skal ha det trygt og godt på skulen. I mobbeombodet si årsmelding for 2019 blir det peika på at skulen si oppfølging av aktivitetsplikta i kapittel 9A er det temaet dei mottek det største talet førespurnader om. Det blir og peika på at digitale krenkingar utgjer om lag 1/5 av førespurnadene dei mottek. Mobbeombodet mottok totalt 180 førespurnadar i 2019/2020.<br><br>Frå fylkesadministrasjonen blir det opplyst at arbeidet for trygt og godt skulemiljø har stor merksemd i fylkeskommunen. | | |
| **Kvalitet i opplæringa**<br>• Oppfølging av fagfornyinga<br>• Kvalitet i tilbodet<br>• Tilbodet til dei svakaste elevane<br>• Vikarbruk | Det blir opplyst i spørjeundersøkinga at det er utfordrande å etterleve regelverk innan opplæringsområdet, og at kutt i budsjettet i sektoren inneber risiko for at fylkeskommunen ikkje klarer å levere opplæring av god nok fagleg kvalitet. Dette blir framheva som særleg utfordrande i høve til dei svakaste elevane.<br><br>Det blir i spørjeundersøkinga også kommentert at skulane ikkje har fått tilstrekkeleg med midlar til å arbeide på ein god måte med fagfornyinga.<br><br>Det blir også kommentert at det er mangel på vikarar og at dette kan medverke til redusert kvalitet i opplæringa. | • Ikkje tilstrekkeleg kvalitet i opplæringa<br>• Manglande vikarbruk som går ut over kvaliteten i opplæringa | |
| **Morsmålsundervisning og forsvarleg tilbod til framandspråklege**<br>• Morsmåls-undervisning<br>• Tilbod til for elevar med avgrensa norskkunnskapar | Frå administrasjonen i fylkeskommunen blir det peikt på at det er risiko knytt til oppfølging av krav til morsmålsundervisning og forsvarleg tilbod til ungdommar utan tilstrekkeleg norskkunnskap.<br><br>Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av opplæringstilbod til minoritetsspråklege elevar i Hordaland i 2017 | • Regelbrot<br>• Ikkje forsvarleg tilbod tilstrekkeleg kvalitet i tenesta | |
| **Spesialundervisning**<br>• Krevjande lovverk<br>• Manglande tilpassing til den enkelte<br>• Spesialundervisning i friskular | Det kjem fram i intervju at det er krevjande for avdelinga å følgje opp krava i lovverket som gjeld spesialundervisning.<br><br>I spørjeundersøkinga blir det peika på at fleire elevar mottar spesialundervisning i grupper utan tilstrekkeleg tilpassa opplegg.<br><br>Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av finansiering av spesialundervisning i friskular i Hordaland i 2019. Det blir i intervju peika på | • Mangelfull etterleving av regelverk<br>• Ikkje tilpassa tilbod | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | at det kan vere meir risiko på området som burde vore følgt opp i ein revisjon. Det blir mellom anna nemnt at det kan vere fleire med spesialundervisning i friskular enn i det offentlege fordi dei har økonomiske insentiv for å seie at elevane treng spesialundervisning, og for å seie at dei ikkje klarer å gjere tilpassingar i ordinær undervisning.<br><br>Det er fylkeskommunen som skal fatte vedtak om spesialundervisning basert på informasjon frå friskulane, og som skal finansiere spesialundervisninga i friskulane. PPT skal gjere vurderingar av elevane, men det kan vere vanskeleg for fylkeskommunen å overprøve vurderinga til lærarane ved friskulane og avslå vedtak | | |
| **Verknader av koronapandemien for sårbare grupper**<br>• Kvalitet i opplæringa<br>• Bruk av digitale løysingar | Det blir i intervju peika på at det kunne vore nyttig med ein forvaltningsrevisjon på opplæringsområdet (digitale verktøy, læringsmål etc.) av korleis koronapandemien har påverka sårbare grupper. | • Ikkje tilstrekkleg tilpassa undervisning<br>• Risiko for mangelfull oppfølging av dei mest sårbare elevane | |
| **Fagopplæring og lærlingar**<br>• Kommunikasjon<br>• Kjennskap til pliktar og rettar<br>• Oppfølging av opplæringskontor | I prosessmøte 1 med kontrollutvalet blir det peika på at det er risiko for at læringar ikkje har kjennskap til pliktane og rettane sine. Det blir i intervju peika på at det er risiko knytt til fagopplæringa, og særleg knytt til oppfølging av lærekontraktane. I spørjeundersøkinga blir oppfølging av lærlingar foreslått som forvaltningsrevisjonsprosjekt. Det er likevel avgrensa i kva ansvar fylkeskommunen har for lærlingane. Fylkeskommunen godkjenner lærebedriftene og følgjer opp opplæringskontora. Fylkeskommunen kan følgje opp bedriftene til dømes dersom det er mange hevingssaker knytt til ei verksemd. Opplæringskontora følgjer opp sine medlemsbedrifter og lærlingar knytt til desse.<br><br>I eit brev til Vestland fylkeskommune opplyser Yrkeslabyrinten (ei foreining for opplæringskontor i Hordaland) at opplæringskontora har erfart fleire utfordringar knytt til kommunikasjon og samarbeid med den nye fylkeskommunen. Samarbeidet blir opplevd som fragmentert og det blir vist til at kompetansen blant fleire sakshandsamarar er mangelfull. Også i spørjeundersøkinga blir det opplyst at kommunikasjonen mellom opplæringskontora og opplæringsavdelinga ikkje er god nok,  og at dette kan ha konsekvensar for oppfølginga av lærlingar.<br><br>Andre utfordringar det blir peika på er at behandlingstid tilvisingar til OT/PPT har vore lang. | • Ikkje tilstrekkeleg kommunikasjon og samarbeid<br>• Ikkje tilstrekkeleg oppfølging av opplæringskontor | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Det blei gjennomført forvaltningsrevisjonar av fagopplæringsområdet i Hordaland fylkeskommune og i Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2013. Forvaltningsrevisjon om fråfall i vidaregåande opplæring i 2018 (Hordaland) omfatta også lærlingar.<br><br>Det blei gjennomført forvaltningsrevisjonar av fagopplæringsområdet i Hordaland fylkeskommune og i Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2013. Forvaltningsrevisjon om fråfall i vidaregåande opplæring i 2018 (Hordaland) omfatta også lærlingar. | | |
| **Vaksenopplæring**<br>• Styring og kontroll | Det blir peika i intervju på at det er utfordrande å ha god styring og kontroll innan vaksenopplæringa.<br><br>Det blir gjennomført tilsyn med Vestland fylkeskommune og vidaregåande opplæring for vaksne i 2020. Rapport frå tilsynet er ikkje klart | • Mangelfull styring og kontroll<br>• Ikkje tilstrekkeleg kvalitet i tenesta | |
| **Vedlikehald av skulebygg**<br>• Vedlikehaldsetterslep<br>• Redusert kvalitet<br>• Inneklima | Det blir i spørjeundersøkinga peika på at det er ein del dårleg vedlikehald av skulebygg. Det blei gjennomført forvaltningsrevisjon av vedlikehald i Sogn og Fjordane (skulebygg) i 2016 og i 2011 i Hordaland. | • Etterslep på vedlikehald<br>• Risiko for auka kostnader på sikt<br>• Risiko for redusert kvalitet i inne- og utemiljø for tilsette og elevar | |

# 4. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i fylkeskommunen sine selskap

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, presenterer vi i denne seksjonen risikoar knytt til selskapa der fylkeskommunen har eigarskap. Vurderinga er gjort med særleg fokus på følgjande forhold:

- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader,
- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut i frå kor vesentlege dei er for fylkeskommunen (vesentleganalyse). To overordna perspektiv kan leggjast til grunn for ei slik vurdering:

- fokus på brukarperspektivet/samfunnsnytten
- fokus på økonomiske interesser for fylkeskommunen

På bakgrunn av desse forholda har revisjonen utleia følgjande kriterium for vesentleganalysen, som kan vere til hjelp når kontrollutvalet skal prioritere kva selskap som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon:

1. selskap der det er avdekka moglege risikoforhold
2. selskap med berre offentleg eigarskap
3. selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
4. selskap som har direkte tenestetilbod til fylkeskommunen sine innbyggjarar
5. selskap som leverer verksemdskritiske tenester til fylkeskommunen
6. selskap som er heileigd av fylkeskommunen
7. selskap der fylkeskommunen har omfattande eigarinteresser i tal aksjar (fleirtal) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen
8. økonomisk gevinst/tapspotensiale for fylkeskommunen
9. etikk og omdøme

Vestland fylkeskommune har fem heileigde selskap, 14 selskap som er deleigd med kommunar og/eller fylkeskommunar og 29 selskap som er deleigd med private eller statlege aktørar. Selskapa/samarbeida vil bli presentert i tabellar under. Informasjonen i tabellane er i hovudsak basert på opplysningar henta frå Bisnode Smartcheck, Proff, kvart enkelte selskap sine nettsider, oversendt dokumentasjon frå fylkeskommunen og informasjon som er kome fram i undersøkinga. Der det har kome fram opplysningar som tyder på at det er risiko knytt til eigarskapet eller drifta i selskapet, vil dette kommenterast. Det vil òg bli kommentert om det dei siste åra har blitt gjennomført selskapskontroll av selskapet, og – der det er relevant – om eventuelle kommunesamanslåingar blant andre eigarar har vesentlege konsekvensar for enten selskapet eller for eigarskapet til Vestland fylkeskommune.

Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første inneheld selskap som kommer inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er aksjeselskap og interkommunale selskap som er heileigd av fylkeskommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar. Desse selskapa har Vestland fylkeskommune full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar av.

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap der fylkeskommunen har eigarskap, men som ikkje kjem inn under innsynsretten etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er ofte aksjeselskap med innslag av private eller statlege eigardeler eller samvirkeføretak. Fylkeskommunen kan likevel gjennomføre avgrensa forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar, t.d. med omsyn til i kva grad selskapet opptrer i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter fylkeskommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningsliner mv. Kontrollutvalet kan også be styret i eit selskap om å få fullt innsyn dersom det er ønskjeleg å gjere fullverdig forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

## 4.1 Selskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10

| **Valen kraftverk AS** | | | |
|---|---|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 100 % | Føremålet til selskapet er å driva produksjon og omsetning av energi samt anna verksemd knytt til desse områda, irekna deltaking i andre verksemder med liknande føremål.<br><br>Nøkkeltala viser at verksemda har auka eigenkapitalen dei siste åra, og særleg mellom 2017 og 2018. Tala viser elles ein solid økonomi, sjølv om selskapet gradvis har hatt mindre overskot. | | |
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Heileigd<br>• Samfunnsansvar | | | |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
| Eigenkapital | 20 245 | 19 685 | 12 238 |
| Inntekter | 6 104 | 6 057 | 6 334 |
| Resultat før skatt | 717 | 1 892 | 2 258 |
| Likviditet | 3,19 | 5,26 | 1,6 |
| Soliditet | 27,86 % | 26,39 % | 25,01 % |

| **Bybanen AS** | | | |
|---|---|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 100 % | Føremålet til selskapet er å operere Bybanen, samt drifte infrastrukturen for Bybanen og trolleybuss, medrekna også Bybanens skinnegåande materiell. Selskapet har fagansvar for tryggleik, bane, elektro, signal/tele, samt for skinnegåande materiell for Bybanen i samsvar med dei til en kvar tid gjeldande lovar og forskrifter. | | |
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Heileigd<br>• Samfunnsansvar<br>• Direkte tenestetilbod til innbyggjarane<br>• Vesentlege verdiar | Nøkkeltala viser at selskapet auka inntektene monaleg mellom 2018 og 2019, men at selskapet gjekk med underskot i 2019. Nøkkeltala viser og at det er indikasjonar på at likviditeten har vore noko låg forhold til tilrådd nivå (2) dei siste tre åra.<br><br>Det blei gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS i 2019 | | |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
| Eigenkapital | 16 777 | 17 521 | 14 103 |
| Inntekter | 245 356 | 162 623 | 144 043 |

| Bybanen AS | | | |
|---|---|---|---|
| Resultat før skatt | -906 | 4 452 | 3 719 |
| Likviditet | 1,31 | 1,38 | 1,35 |
| Soliditet | 19,03 % | 21,37 % | 19,04 % |

## HFK Bussanlegg AS

| | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 100 % | Føremålet til selskapet er å direkte eller indirekte eige bussanlegg i Hordaland for å leggje til rette for konkurranseutsetjing av kollektivtrafikken. Selskapet er av allmennyttig karakter og skal ikkje dele ut utbytte. Selskapet sine eigedeler og dei ressursar som blir generert gjennom verksemda skal bli nytta til selskapet sitt føremål. |
| **Nøkkelpunkt**<br><br>• Omdøme<br>• Heileigd<br>• Samfunnsansvar | Selskapet er heileigd av Vestland fylkeskommune. Nøkkeltala viser at selskapet ikkje har inntekter og at selskapet gjekk med underskot i 2018 og 2019.<br><br>Selskapet har følgjande dotterselskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.<br>• HFK bussanlegg Knarvik AS<br>• HFK bussanlegg Straume AS<br>• HFK bussanlegg Fana AS<br>• HFK bussanlegg Mannsverk AS<br>• HFK bussanlegg Lonevåg AS |

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 99 692 | 83 793 | 86 240 |
| Inntekter | 0 | 0 | 0 |
| Resultat før skatt | -255 | -2 447 | 9 185 |
| Likviditet | 3,98 | 2,16 | 2,81 |
| Soliditet | 28,8 % | 25,37 % | 25,75 % |

## Beredt AS

| | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 100 % | Føremålet til Beredt AS er å skape grunnlag for arbeidsmarknadsrelatert sysselsetjing. Vidare skal selskapet gjennom å drive anna verksemd - etter arbeidsmarknadsetatens retningslinjer - skape grunnlag for sysselsetting av grupper som av ulike årsaker har problem på arbeidsmarknaden, medrekna å drive teoretisk og praktisk kompetansebygging slik at deltakarane kan møte best mogleg forberedt til et framtidige arbeidsforhold utanfor bedrifta. Selskapet skal gjennom kompetansebyggande tiltak også bidra til at personar som står i fare for å falle ut av arbeidslivet kan bli verande i arbeidslivet. For å oppfylle dette føremålet driver selskapet cateringverksemd, transportverksemd, interiørproduksjon og verkstadsverksemd. Selskapet leigar også ut fast eigedom. |
| **Nøkkelpunkt**<br><br>• Etikk og omdøme<br>• Heileigd<br>• Samfunnsansvar<br>• Direkte tenestetilbod til innbyggjarane | Nøkkeltala viser at verksemda gjekk med underskot i 2017 og 2019 og at det er indikasjonar på at likviditeten er låg.<br><br>I intervju blir det peika på at det hare vore problem i leiinga i selskapet og hyppige styreutskiftingar, og kunne vore interessant å sjå om selskapet har kontroll i dag. Det blir også peika på i intervju at arbeidsmarknadsbedriftene generelt er i ein krevjande periode med tanke på tilskot og etterspurnad i marknaden.<br><br>Beredt AS har dotterselskapet Beredt Kompetanse AS (100 %) som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10. |

| Beredt AS | | | |
|---|---|---|---|
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
| Eigenkapital | 4 142 | 5 519 | 5 381 |
| Inntekter | 54 485 | 53 385 | 53 098 |
| Resultat før skatt | -1 378 | 138 | -1 784 |
| Likviditet | 1,18 | 1,28 | 1,43 |
| Soliditet | 31,25 % | 37,32 % | 39,61 % |

| Teater Vestland AS | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 80 % | Teater Vestland er eit nynorsk institusjonsteater lokalisert i Førde i Sunnfjord, og er eit regionteater med turnéverksemd i Vestland fylke.<br><br>Vestland fylkeskommune eig 80 % av selskapet og Sunnfjord kommune eig 20 %. Nøkkeltala viser at selskapet gjekk med underskot i 2018 og 2019 og at det er indikasjonar på at likviditeten er låg i forhold til tilrådd nivå (2). |
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Delt offentleg eigarskap | |

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 3 394 | 4 051 | 4 369 |
| Inntekter | 30 121 | 29 298 | 28 692 |
| Resultat før skatt | -657 | -318 | 279 |
| Likviditet | 0,25 | 0,3 | 0,45 |
| Soliditet | 32,53 % | 46,85 %% | 46,7 % |

| Trivselshagen IKS | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 50 % | Føremålet til selskapet er å planleggje, byggje, eige og drive eit felles prosjekt for å skaffe Firda vidaregåande skule nødvendig undervisningsareal og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall m.v. i samsvar med den funksjonsplanen som er vedteken av deltakarane. Fellesprosjektet omfattar både nybygga i funksjonsplanen og rehabiliteringa av Firdahallen.<br><br>Trivselshagen IKS er eigd av Gloppen kommune og Vestland fylkeskommune med 50 % eigardel kvar. Nøkkeltala viser at selskapet brukte om lag 20 millionar av eigenkapitalen sin mellom 2018 og 2019. Økonomien til selskapet ser ut til å være solid.<br><br>Det blei gjennomført selskapskontroll av Trivselshagen IKS i 2019. |
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Delt offentleg eigarskap<br>• Vesentlege verdiar | |

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 95 860 | 115 160 | 114 751 |
| Inntekter | 20 084 | 19 789 | 18 802 |

| Trivselshagen IKS | | | |
|---|---|---|---|
| Resultat før skatt | 1 542 | 462 | 2002 |
| Likviditet | 3,01 | 5,45 | 8,63 |
| Soliditet | 53,79 % | 51,65 % | 51,12 % |

## Grieghallen IKS

**Selskapet sitt føremål**
Eigardel: 50 %

Føremålet til Grieghallen IKS er å erverve, eige og leige ut Grieghallen.

Bergen kommune og Vestland fylkeskommune eig 50 % kvar av Grieghallen IKS.

**Nøkkelpunkt**

- Omdøme
- Delt offentleg eigarskap
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane

Verksemda har ikkje rapportert inn rekneskap for 2018 eller 2019. Rekneskapstala viser at selskapet i 2016 og 2017 hadde ein noko låg likviditet i forhold til det tilrådde nivået (2), og at soliditeten er ganske låg.

Det har nyleg blitt varsla om Grieghallen vil ha vanskeleg for å betale leige til Grieghallen IKS for inneverande år som følgje av sviktande inntekter knytt til Covid-19 pandemien. Det blir peika på at det er risiko i selskapet som følgje av koronapandemien.

Det blei gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS i 2018.

| Nøkkeltal[6] (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | … | … | 2 278 |
| Inntekter | … | … | 17 772 |
| Resultat før skatt | … | … | 83 |
| Likviditet | … | … | 0,99 |
| Soliditet | … | … | 0,78 % |

## Vestnorsk filmsenter AS

**Selskapet sitt føremål**
Eigardel: 50 %

Vestnorsk filmsenter AS skal bidra til ei fagleg og kunstnarisk utvikling av vestnorsk kortfilmproduksjon. Dette inneberer at Vestnorsk filmsenter AS skal kanalisere økonomisk, filmfagleg og organisatorisk støtte til profesjonelle kortfilmprosjekt innan fiksjons, dokumentar- og animasjonsfilm.

**Nøkkelpunkt**

- Omdøme
- Delt offentleg eigarskap

Bergen kommune og Vestland fylkeskommune eig 50 % kvar av verksemda.

Nøkkeltala viser at Vestnorsk filmsenter AS sitt resultat har gått med underskot dei siste tre åra og at det er indikasjonar på at likviditeten har vore noko låg i forhold til det tilrådde nivået (2).

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 680 | 774 | 918 |
| Inntekter | 22 003 | 20 604 | 20 321 |
| Resultat før skatt | -94 | -144 | -22 |

[6] Det er ikkje rapportert inn årsrekneskap for 2018 eller 2019 til Brønnøysundregisteret per oktober 2020.

| Vestnorsk filmsenter AS | | | |
|---|---|---|---|
| Likviditet | 1,02 | 1,05 | 1,07 |
| Soliditet | 3,8 % | 4,59 % | 6,80 % |

| Moster Amfi og kyrkjehistorisk senter AS | | | |
|---|---|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 50 %<br><br>**Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Delt offentleg eigarskap<br>• Samfunnsansvar | Moster Amfi blei opna som teater- og konsertarena i 1984.<br><br>Føremålet til selskapet er å leggje til rette for formidling av kyrkjelege og kulturelle verdiar.<br><br>Selskapet er eigd av Bømlo kommune og Vestland fylkeskommune med 50 % eigardel kvar.<br><br>Nøkkeltala viser at selskapet har gått med underskot dei tre siste åra, og tala indikerer at likviditeten ikkje har vore tilfredsstillande dei siste åra. | | |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
| Eigenkapital | 1 538 | 1 694 | 2 004 |
| Inntekter | 3 510 | 3 172 | 3 101 |
| Resultat før skatt | -155 | -310 | -486 |
| Likviditet | 0,29 | 0,15 | 0,61 |
| Soliditet | 28,98 % | 31,60 % | 30,75 % |

| Moster 2024 AS | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 50 %<br><br>**Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Under etablering i 2020<br>• Feiring av 1000-års jubileum | Føremålet til prosjektselskapet er å planlegge og gjennomføre 1000-årsjubileum på Moster i 2024.<br><br>Bømlo kommune eig 50 % og Vestland fylkeskommune 50 % |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **Ikkje tilgjengeleg** |

| Lutelandet utvikling AS | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 48 %<br><br>**Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Delt offentleg eigarskap<br>• Samfunnsansvar | Føremålet til selskapet er å arbeide for utnytting av Lutelandet til næringsføremål og arbeide for næringsutvikling i regionen rundt Lutelandet.<br><br>Største eigar i Lutelandet Utvikling er Vestland fylkeskommune med 48 % av eigarskapet. Fire andre kommunar har også eigardel, og av disse har Fjaler kommune størst eigardel med 34 % av eigarskapet. Nøkkeltala viser at selskapet gjekk med stort underskot og hadde noko låg likviditet i 2017, men at økonomien har betra seg monaleg sidan da. |

## Lutelandet utvikling AS

| | |
|---|---|
| | Selskapet har dotterselskapet Lutelandet eigedom AS (100 %) som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.<br><br>I Bisnode Smartcheck går det fram at dotterselskapet Lutelandet Eigedom rekneskapsført til en verdi av 49 550 000 i balansen både i 2015 og 2016. Ifølge Bisnode er det knytt uvisse omkring verdien av denne aksjeposten. |

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 35 652 | 34 183 | 32 795 |
| Inntekter | 399 | 222 | 300 |
| Resultat før skatt | 1 469 | 1 388 | -14 094 |
| Likviditet | 2,27 | 1,49 | 0,56 |
| Soliditet | 98,18 % | 90,9 % | 93,44 % |

## Ferde AS

| | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 33,33 % | Føremålet til Ferde AS er å førestå bompengefinansiering av utbyggingsprosjekt i fylka Vestland, Rogaland og Agder. Selskapet har oppgåver i høve til vedtekne innkrevingsprosjekt. Det skal ikkje nyttast som ein pådriverorganisasjon for nye vegprosjekt. Selskapet skal ikkje gje aksjeeigarane økonomisk utbytte. |
| **Nøkkelpunkt**<br><br>• Omdøme<br>• Delt offentleg eigarskap<br>• Vesentlege verdiar<br>• Samfunnsansvar<br>• Selskapskontroll gjennomført i 2019/2020. | Selskapet er eigd av Rogaland fylkeskommune, Agder og Vestland fylkeskommune med 33,33 % eigardel kvar. Rekneskapstala viser at verksemda hadde negativ eigenkapital i 2017, men at inntekter og eigenkapital har auka monaleg i 2018 og 2019.<br><br>Ferde har dotterselskapet Demand Norge AS (100 %) som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.<br><br>Det er fleire i spørjeundersøkinga som peiker på at Ferde er eit selskap med risiko. I intervju blir det også peika på at det går føre seg ei stor endring (dette er også relatert til Skyttel), knytt til kven som skal ha ansvar for innkrevjinga/utstederverksemda. Det er store summar involvert i dette.<br><br>Det blei gjennomført ein selskapskontroll av Ferde AS i 2019/2020.<br><br>Det blir for tida gjennomført ein oppfølging av selskapskontrollen av Ferde AS (forventa ferdig i oktober 2020) |

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 24 662 | 13 571 | -13 302 |
| Inntekter | 3 553 242 | 2 424 433 | 72 955 |
| Resultat før skatt | 2 844 608 | 2 008 094 | 4 807 |
| Likviditet | 2,46 | 1,86 | 1,02 |
| Soliditet | 0,11 % | 0,09 % | -11,83 % |

## Skyttel AS

| | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 33,33 % | Skyttel AS sitt føremål er verksemd relatert til bompengetenester, medrekna AutoPASS bompenge- og fergebetaling, driftstenester og systemløysingar. |

| **Skyttel AS** | | | |
|---|---|---|---|
| **Nøkkelpunkt**<br><br>• Omdøme<br>• Delt offentleg eigarskap<br>• Samfunnsansvar<br>• Direkte tenestetilbod til innbyggjarane<br>• Første rekneskapsår i 2018<br>• Selskapskontroll gjennomført i 2019/2020. | Selskapet er eigd av Rogaland, Agder og Vestland fylkeskommunar med ein lik eigardel på 33,33 %.<br><br>Skyttel har følgjande dotterselskap og eigarinteresser som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10:<br>• Skyttel Inkasso AS (100 %)<br>• Skyttelpass AS (100 %)<br><br>I Vestland fylkeskommune sin eigarskapsmelding for 2019 går det fram at selskapet er ei vidareføring av det tidlegare selskapet BT Signaal AS. I hovudsak er den kommersielle delen av BT Signaal som er vidareført til Skyttel, mens resten av det tidlegare selskapet er vidareført i Ferde AS.<br><br>Det blir vidare opplyst i eigarskapsmeldinga at Skyttel sitt fyste rekneskapsår var i 2018, og at rekneskapen difor ikkje er samanliknbart med tidlegare år. Rekneskapstala for 2018 og 2019 viser at selskapet mellom disse åra auka eigenkapitalen og inntektene ein del, men at det er indikasjonar på at likviditeten er under tilrådd nivå (2).<br><br>I intervju blir det også peika på at det går føre seg ei stor endring (dette er også relatert til Ferde), knytt til kven som skal ha ansvar for innkrevjinga/utstederverksemda.<br><br>Det blei gjennomført ein selskapskontroll av Skyttel AS i 2019/2020. | | |
| **Nøkkeltal[7] (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
| Eigenkapital | 9 976 | 6 354 | 4 645 |
| Inntekter | 49 879 | 35 195 | 27 475 |
| Resultat før skatt | 5 606 | 1 994 | -3 391 |
| Likviditet | 1,01 | 1,08 | 1 |
| Soliditet | 1,21 % | 13,39 % | 25,92 % |

| **In Via AS** | | | |
|---|---|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 32 %<br><br>**Nøkkelpunkt**<br><br>• Etikk og omdøme<br>• Delt offentleg eigarskap<br>• Samfunnsansvar<br>• Direkte tenestetilbod til innbyggjarane | Føremålet til denne arbeidsmarknadsbedrifta er å skape meirverdi for menneske og samfunn. In Via AS skal skape positive endringar til beste for alle partar og vere ein lærings- og kompetansepartnar.<br><br>Vestland fylkeskommune er største eigar i verksemda med 32,05 % av eigarskapet. Det er også fleire andre kommunar med eigardel. Nøkkeltala viser at inntektene har vore stigande men at resultatet før skatt har variert, og i 2018 gjekk selskapet med underskot.<br><br>Verksemda har eigarinteresser i Mona vekst AS (25 %) som også er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.<br><br>I intervju blir det peika på at arbeidsmarknadsbedriftene generelt er i ein krevjande periode med tanke på tilskot og etterspurnad i marknaden. | | |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
| Eigenkapital | 10 791 | 10 262 | 10 556 |
| Inntekter | 12 946 | 11 790 | 9 887 |
| Resultat før skatt | 529 | -294 | 1 057 |

[7] Det er ikkje rapportert inn årsrekneskap for 2019 til Brønnøysundregisteret per august 2020.

| In Via AS | | | |
|---|---|---|---|
| Likviditet | 4,08 | 3,77 | 3,46 |
| Soliditet | 80,54 % | 79,97 % | 78, 91% |

## Sunnhordland Lufthamn AS

**Selskapet sitt føremål**
Eigardel: 21 %

Sunnhordland Lufthamn AS skal planleggja, finansiera, opparbeida og drive lufthamn på Stord og i samband med dette å delta i andre selskap med liknande verksemd

Stord kommune er største eigar i verksemda med 79 % av eigarskapet, mens Vestland fylkeskommune eig dei resterande delane. Nøkkeltala viser at verksemda har gått med underskot dei tre siste åra og at det er indikasjonar på at likviditeten er låg i forhold til tilrådd nivå (2).

Det blir peika på i intervju at det er noko uvisse knytt til fylkeskommunen sin intensjon med selskapet.

**Nøkkelpunkt**

- Omdøme
- Delt offentleg eigarskap
- Samfunnsansvar

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 1 028 | 1 244 | 1 505 |
| Inntekter | 29 615 | 30 010 | 28 944 |
| Resultat før skatt | -216 | -262 | -288 |
| Likviditet | 0,28 | 0,61 | 0,46 |
| Soliditet | 10,78 % | 8,82 % | 11,07 % |

## Sogn og Fjordane holding AS

**Selskapet sitt føremål**
Eigardel: 20 %

Selskapet eig per 8. oktober 2019 49,56 % av aksjane og er største eigar i Sogn og Fjordane Energi AS. Selskapet si verksemd er ved eit langsiktig og stabilt eigarskap å sikre at dei verdiar som ligg i eigarskapen til aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS - og sjølve eigarskapen - kan bli verande i Sogn og Fjordane. Føremålet med å eige og utøve aksjonærrettane til aksjane er å styrke Sogn og Fjordane Energi AS som eit viktig sjølvstendig, regionalt og lokalt eigd kraftselskap i Sogn og Fjordane.

Selskapet sine aksjonærar er frå 01.01.20 Vestland fylkeskommune og kommunane Sunnfjord, Kinn, Sogndal, Stad, Stryn, Gloppen, Årdal, Luster, Høyanger, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Vik, Gulen, Lærdal, Aurland, Hyllestad og Solund. Vestland eig 20 % av selskapet. Nøkkeltala viser at verksemda held store økonomiske verdiar og at eigenkapitalen er stigande.

**Nøkkelpunkt**

- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar
- Vesentlege verdiar
- Samfunnsansvar

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 527 389 | 480 144 | 355 992 |
| Inntekter | 0 | 0 | 0 |
| Resultat før skatt | 47 245 | 30 726 | 37 044 |
| Likviditet | 999,99 | 0,41 | 0,18 |
| Soliditet | 100 % | 86,46 % | 63,35 % |

| Vigo IKS | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 1/11 | Selskapet sitt føremål er å utvikle/vidareutvikle, eige og/eller drifte, alt etter bestilling og i nært samarbeid med deltakarane, fylkeskommunane sitt felles inntaks- og forvaltningssystem for elevar/lærlingar i Vigo og alt som elles står i naturleg samanheng med dette – til dømes skuleadministrative system. Selskapet skal vidare levere, eller formidle levert, naudsynt faglege kurs eller rettleiing til deltakarane på systema ein har rettar/driftsoppgåver knytt til |
| **Nøkkelpunkt** | Vigo IKS er eid av alle fylkeskommunane og Oslo kommune. Ny selskapsavtale blei vedteken 17.12.2019. |
| • Omdøme<br>• Delt offentleg eigarskap<br>• Samfunnsansvar | Siste gang Vigo IKS rapporterte inn årsrekneskap til Brønnøysundregisteret var i 2013.<br><br>Det blei gjennomført selskapskontroll av Vigo IKS - 2019 |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **Ikkje tilgjengeleg** |

| Kommunekraft AS | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: ein aksje | Føremålet til Kommunekraft er å formidle aksjeeigaranes disponible kraft, irekna konsesjonskraft, og drive annan verksemd knytt til slik formidling.<br><br>Landssamanslutninga av vasskraftkommunar har tidlegare vore største eigar med 181 aksjar, men har no kjøpt opp nokre av dei samanslegne kommunane sine aksjar. Fylkeskommunar og kommunar har ein aksje kvar. |
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Delt eigarskap med offentlege aktørar<br>• Samfunnsansvar | Nøkkeltala viser at Kommunekraft AS hadde eit negativt resultat i 2017, men at økonomien elles har vore stabil dei siste åra. |

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 2 320 | 1 923 | 1 770 |
| Inntekter | 2 000 | 2 068 | 2 057 |
| Resultat før skatt | 397 | 154 | -185 |
| Likviditet | 6,6 | 16,62 | 12,79 |
| Soliditet | 85,08 % | 94,22 % | 92,67 % |

## 4.2 Selskap som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10

| **Opplæringsfartøy AS** | | | |
|---|---|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 76,5 % | Opplæringsfartøy AS sitt føremål er å eige og drive fiskefartøy på ideell basis i samsvar med aksjelova § 2-2 (2) hovudsakeleg ved å stille fartøyet til disposisjon for Måløy vidaregåande skule til bruk i opplæring.<br><br>Største eigar i selskapet er Vestland Fylkeskommune med 76,53 % av eigarskapet. Det er òg fleire private aktørar med lågare eigardel. Rekneskapstala viser at økonomien har hatt ein negativ trend dei siste åra. Eigenkapitalen har blitt brukt opp og var negativ i 2019, og selskapet har gått med stadig større underskot dei siste tre åra. | | |
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Delt eigarskap med private aktørar<br>• Direkte tenestetilbod til innbyggjarane | | | |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
| Eigenkapital | -1 882 | 122 | 662 |
| Inntekter | 3 167 | 3 101 | 2 571 |
| Resultat før skatt | -2 004 | -540 | -176 |
| Likviditet | 1,55 | 1,73 | 1,44 |
| Soliditet | -26,11 % | 3,84 % | 20,87 % |

| **Det vestnorske teateret AS (tidlegare Hordaland teater)** | | | |
|---|---|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 60 % | Selskapet skal drive profesjonell og allsidig teaterverksemd i Hordaland. Teateret skal ha eit særleg ansvar for å skapa framsyningar for barn og unge. Teateret skal først og fremst spela på nynorsk og dialekt. Teateret skal arbeida for å få fram ny dramatikk. | | |
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Delt eigarskap med private aktørar | Vestland fylkeskommune eig 60 % av selskapet og eig selskapet saman med fleire private aktørar. Nøkkeltala viser at verksemda har hatt ein solid økonomi dei siste åra men at verksemda gjekk med eit lite underskot i 2019. Det er òg indikasjonar på at likviditeten har vore noko låg i forhold til det tilrådde nivået (2).<br><br>Selskapet har eigarinteresser i Kultur vest AS (8,33 %) som ikkje er omfatta av §§ 23-6 og 24-10.<br><br>Som kulturverksemd er det venta at Covid- 19 pandemien vil ha innverknad på selskapet sitt resultat i 2020.<br><br>Det blei gjennomført selskapskontroll av Hordaland teater i 2017 | | |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
| Eigenkapital | 6 686 | 7 046 | 4 113 |
| Inntekter | 33 554 | 30 337 | 21 623 |
| Resultat før skatt | -360 | 2 933 | 922 |
| Likviditet | 1,72 | 1,58 | 1,12 |
| Soliditet | 23,25 % | 30,39 % | 26,83 % |

## Fjord Invest Såkorn AS

| | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 55,9 % | Føremålet til selskapet er investering i konkurransedyktige såkornsbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane. |
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Delt eigarskap med private aktørar | Vestland fylkeskommune er største eigar i selskapet med 55,9 % av eigarskapet. Selskapet er også eigd av ei rekke private aktørar. Rekneskapstala viser at selskapet gjekk med underskot i 2017 og 2018, men at eigenkapitalen til selskapet er stigande og at selskapet gjekk med overskot i 2019.<br><br>Fjord Invest såkorn AS har følgjande dotterselskap og eigarinteresser som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10:<br>• Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS (35,87 %)<br>• Havkraft AS (23,13 %)<br>• Beat Technology AS (14,62 %)<br>• Østerbø maskin AS (16,14 %)<br>• Rocketfarm AS (8,79 %)<br>• Moovin AS (7,73 %)<br>• Eduplaytion AS (4,53 %)<br>• Evoy AS (2,48 %) |

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 32 516 | 23 789 | 24 759 |
| Inntekter | 0 | 0 | 0 |
| Resultat før skatt | 8 726 | -970 | -985 |
| Likviditet | 296,6 | 144,31 | 92,7 |
| Soliditet | 99,66 % | 99,31 % | 98,92 % |

## Sogn og Fjordane Fondet AS

| | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 50 % | Føremålet til selskapet er eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/ eller i ein tidleg utviklingsfase. Selskapet skal stimulere og styrke framvekst av idear frå forsking, næringsliv og gründerar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane. |
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Delt eigarskap med private aktørar<br>• Etablert i 2017 i Brønnøysundregisteret | Sogn og Fjordane fondet er eigd av Vestland fylkeskommune (50 %), Sparebanken Sogn og Fjordane (30 % ) og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane (20 %). Selskapet ble etablert i 2017. Nøkkeltala viser at verksemda ikkje har inntekter, gjekk med underskot i 2018 og 2019 og at selskapet har ein likviditet på 0.<br><br>Selskapet har eigarinteresser i Moovin AS (1,84 %), Eduplaytion AS (1,51 %) og Evoy AS (1,45 %) som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10. |

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 5 788 | 5 778 | 5992 |
| Inntekter | 0 | 0 | 0 |
| Resultat før skatt | -61 | -214 | 3 |
| Likviditet | 0 | 0 | 0 |
| Soliditet | 100 % | 100 % | 100 % |

| Campus Førde Verftet AS | | | |
|---|---|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 45 % | Selskapet skal vere eit utdanning-, forskning- og innovasjonssenter for offentlege og private verksemder. Det overordna målet er å bidra til å styrke utdanningsinstitusjonane med omsyn til rekruttering, forsking og innovasjon i privat og offentleg sektor. | | |
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Direkte tenestetilbod til innbyggjarane<br>• Delt eigarskap med private aktørar<br>• Samfunnsansvar | Høgskulen på Vestlandet og Vestland fylkeskommune er største eigarar med 45 % eigardel kvar. Sunnfjord kommune eig dei resterande 10 %. Nøkkeltala viser at verksemda har hatt ein solid økonomi dei siste åra. | | |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
| Eigenkapital | 648 | 626 | 457 |
| Inntekter | 425 | 225 | 225 |
| Resultat før skatt | 28 | 214 | 217 |
| Likviditet | 1,63 | 11,3 | 41,21 |
| Soliditet | 35,1 % | 80,26 % | 79,2 % |

| Hardanger Aks AS | | | |
|---|---|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 38,8 % | Verksemda sitt føremål er attføring og/eller sysselsetjing av yrkeshemma, irekna å eiga andre selskap med liknande føremål. Verksemda skal ikkje gje aksjonærane økonomisk utbyte. Alt overskot skal bli i verksemda og koma attføringsverksemda til gode. Ved likvidasjon skal formuen nyttast i samsvar med føremålet | | |
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Delt eigarskap med private aktørar<br>• Samfunnsansvar<br>• Direkte tenestetilbod til innbyggjarane | Største eigar i verksemda er Kvam Herad med 45,5 % av aksjane. Vestland fylkeskommune er nest største eigar med 38,8 % av eigarskapet. Nøkkeltala viser at selskapet hadde negativ eigenkapital og gjekk med underskot i 2018. I tillegg viser tala at likviditeten i selskapet har vore noko låg i forhold til tilrådd nivå (2) dei siste tre åra.<br><br>Når det gjeld VTA-plassane meiner selskapet at driftstilskotet i dag er for lågt. I tillegg blir det vist til at tidlegare drift med mykje opptak av leasinggjeld er eit problem og at store summer går med til avdrag og renter.<br>Det har i undersøkinga kome fram at det er ein del uro knytt til selskapet, mellom anna som følgje av at den økonomiske situasjonen er ikkje god. I intervju blir det peika på at arbeidsmarknadsbedriftene generelt er i ein krevjande periode med tanke på tilskot og etterspurnad i marknaden.<br><br>Det blei gjennomført ein selskapskontroll av Hardanger AKS i 2016. | | |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
| Eigenkapital | 284 | -118 | 318 |
| Inntekter | 16 681 | 15 990 | 19 235 |
| Resultat før skatt | 402 | -436 | 389 |
| Likviditet | 1,08 | 0,96 | 1,37 |

| Hardanger Aks AS | | | |
|---|---|---|---|
| Soliditet | 1,94 % | -0,81 % | 2,01 % |

## Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS

**Selskapet sitt føremål**
Eigardel: 38,17 %

Selskapet skal medverke til auka verdiskaping og nyetablering innafor kunnskapsintensive verksemder lokalt og regionalt og å få nasjonale kunnskapsbaserte arbeidsplassar til fylket.

Største eigar i selskapet er Vestland fylkeskommune med 38,16 % av eigarskapet. Selskapet er også eigd av Fjord Invest Såkorn AS (35,87 %) og nokon fleire private selskap. Nøkkeltala viser at selskapet gjekk med underskot i 2018 men at selskapet har ein solid økonomi.

Selskapet har følgjande eigarinteresser som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10:
- FUS Sogndal SA (50 %)
- Mental health informatics holding AS (24,76 %)
- Sogn og Fjordane fondet AS (20 %)
- Sitep AS (12,5 %)
- Framtidsfylket AS (2,77 %)
- Stryn næringshage AS (1,55 %)

**Nøkkelpunkt**
- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 7 406 | 7 336 | 8 138 |
| Inntekter | 7 858 | 7 164 | 6 994 |
| Resultat før skatt | 70 | -983 | 1 516 |
| Likviditet | 6,79 | 5,42 | 7,53 |
| Soliditet | 87,81 % | 84,68 % | 88,52 % |

## Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS

**Selskapet sitt føremål**
Eigardel: 33, 33 %

Føremålet til selskapet er å etablere og drive Vitensenteret i Sogn og Fjordane.

Største eigar i verksemda er Vestland fylkeskommune med 33,33 % av eigarskapet. Ei rekke kommunar og private aktørar har også eigardel.

Verksemda blei registrert i Brønnøysundregisteret i 2018 og det er difor ikkje rapport inn årsrekneskap for tidlegare år. Rekneskapstala viser at selskapet har gått med underskot i både 2018 og 2019, og at likviditeten falt frå 13,93 til 1,57 mellom dei to åra.

Covid- 19 pandemien kan få innverknad på selskapet sitt resultat i 2020.

**Nøkkelpunkt**
- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane
- Etablert i 2018

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 2 126 | 2 684 | ... |
| Inntekter | 435 | 60 | ... |
| Resultat før skatt | -559 | -370 | ... |
| Likviditet | 1,57 | 13,93 | ... |

| Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS | | | |
|---|---|---|---|
| Soliditet | 37,01 % | 92,94 % | ...% |

| Den Nationale scene AS | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: om lag 33 % | Føremålet til selskapet er å drive teaterverksemd. Som statleg finansiert institusjon har selskapet et særleg ansvar for å ivareta nasjonale kulturpolitiske interesser<br><br>Den norske stat eig 66,55 % av verksemda og Vestland fylkeskommune eig om lag 33 %. Rekneskapstala viser at selskapet har auka eigenkapitalen og inntektene dei siste åra, men det er indikasjonar på at likviditeten er noko låg.<br><br>Selskapet har eigarinteresser i Grieghallen AS (28 %) og Kultur vest AS (8,33 %) som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10. |
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Delt eigarskap med staten | |

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 53 035 | 46 187 | 41 411 |
| Inntekter | 184 966 | 163 478 | 148 635 |
| Resultat før skatt | 2 702 | 4 776 | 2 393 |
| Likviditet | 1,35 | 1,47 | 1,47 |
| Soliditet | 56,82 % | 55,09 % | 54,05 % |

| Gulen og Masfjorden utvikling AS | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 31,10 % | Føremålet til selskapet er å tilretteleggje tilhøva for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden, og skal ved å vere ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar bidra til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere en koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid og vere en pådrivar for at næringslivet får ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling.<br><br>Vestlandet fylkeskommune er største eigar i verksemda med 31,1 % av eigarskapet. SIVA, Gulen og Masfjord kommunar har også eigardel. Nøkkeltala viser at verksemda har jamne inntekter og solid eigenkapital.<br><br>Selskapet har eigarinteresser i Sløvåg næringsbygg AS (2,77 %) som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10. |
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Delt eigarskap med private aktørar<br>• Samfunnsansvar | |

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 16 730 | 16 084 | 16 600 |
| Inntekter | 882 | 875 | 843 |
| Resultat før skatt | 646 | -516 | -48 |
| Likviditet | 102,17 | 81,92 | 88,17 |
| Soliditet | 99,19 % | 99,02 % | 99,10 % |

| Norsk fjordhestsenter AS | | | |
|---|---|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 30 % A-aksjar og 33 % B-aksjar<br>**Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Delt eigarskap med private aktørar | Føremålet til selskapet er å fremje fjordhesten som nasjonal rase gjennom å gjennomføre nasjonale mål og strategiar innan avl og bruk for fjordhesten.<br><br>Norges fjordhestsenter er største eigar i verksemda me 40 % av eigarskapet. Vestland fylkeskommune eig 30 % og Stad kommune eig 30 % kvar. Nøkkeltala viser at verksemda har ein jamn økonomi, men det er indikasjonar på at likviditeten er noko låg. | | |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
| Eigenkapital | 3 899 | 3 856 | 3 895 |
| Inntekter | 5 585 | 5 206 | 5 632 |
| Resultat før skatt | 56 | -44 | -43 |
| Likviditet | 0,92 | 1,14 | 1,16 |
| Soliditet | 65,05 % | 64,87 % | 62, 28 % |

| Origod AS | | | |
|---|---|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 23,9 %<br>**Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Delt eigarskap med private aktørar<br>• Samfunnsansvar<br>• Direkte tenestetilbod til innbyggjarane | Føremålet til selskapet er å gjennomføre kurs og opplæringsverksemd, arbeids- og inkluderingstenester, og det som naturleg høyrer med til slik verksemd.<br><br>Sunnfjord kommune er største eigar i verksemda med 34,7 % av verksemda. Det er også fleire kommunar og private aktørar med eigardel. Nøkkeltala[8] viser at verksemda gjekk med underskot i 2018, men at bedrifta elles har solid eigenkapital og stigande inntekter.<br><br>Verksemda har eigarinteresser i Ytre Sunnfjord Holding AS (2,14 %) som fell utanfor kommunelova §§ 23-6 og 24-10.<br><br>I intervju blir det peika på at arbeidsmarknadsbedriftane generelt er i ein krevjande periode med tanke på tilskot og etterspurnad i marknaden. | | |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
| Eigenkapital | 35 034 | 33 022 | 18 509 |
| Inntekter | 42 076 | 36 840 | 21 347 |
| Resultat før skatt | 2 012 | -1 428 | 632 |
| Likviditet | 4,5 | 3,42 | 1,18 |
| Soliditet | 62,39 % | 75,84 %% | 82,03 %% |

[8] Det kjem fram i eigarskapsmeldinga til Vestland at rekneskap frå 2018 ikkje er samanliknbar med tidlegare år som følgje av at selskapet blei fusjonert med Nærtenesten AS og Mentro AS.

## Kveik AS

**Selskapet sitt føremål**
Eigardel: 23,34 %

Selskapet skal med ein inkluderande og open kultur skapa grunnlag for attføring av arbeidstakarar, og dessutan etablere berekraftige tiltaksplassar, slik at samfunnsbevisste aktørar, pårørande og samfunn ser verdien av vårt arbeid.

Selskapet sin største eigar er Voss Herad med 70,62 % av verksemda. Vestland fylkeskommune eig 23,34 % og Voss møbel og trevare verkstad eigd 2,01 %. Rekneskapstala viser at verksemda har jamne inntekter og stabil eigenkapital. Generelt sett er økonomien solid med tilfredsstillande likviditet.

I intervju blir det peika på at arbeidsmarknadsbedriftane generelt er i ein krevjande periode med tanke på tilskot og etterspurnad i marknaden.

**Nøkkelpunkt**

- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsansvar
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 13 535 | 12 183 | 12 660 |
| Inntekter | 19 699 | 20 053 | 20 032 |
| Resultat før skatt | 352 | 522 | 470 |
| Likviditet | 2,7 | 2,63 | 2,31 |
| Soliditet | 58,63 % | 56,36 % | 54,52 % |

## Njøs frukt- og bærsenter (tidlegare Njøs næringsutvikling AS)

**Selskapet sitt føremål**
Eigardel: 22,2 %

Njøs frukt- og bærsenter er et nasjonalt foredlingssenter for norske frukt- og bærsortar. Selskapet skal kunna investera i andre selskap i same bransje, og kan bidra i regionale og nasjonale utviklingsprosessar.

Vestland fylkeskommune, Gartnerhallen SA og Graminor AS er dei største eigarane med ein lik eigardel på 22,22 %. Fleire private aktørar har også eigardel i verksemda. Nøkkeltala viser at selskapet jamt over har ein solid økonomi, men at likviditeten har minka dei siste åra og at det er indikasjonar på at den i 2019 eit stykke unna tilrådd nivå (2).

Verksemda har dotterselskapet Njøs Eigedom AS (100 %) som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.

**Nøkkelpunkt**

- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsansvar

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 2 279 | 2 052 | 1 987 |
| Inntekter | 6 454 | 6 025 | 5 137 |
| Resultat før skatt | 269 | 99 | 46 |
| Likviditet | 1,14 | 1,97 | 2,26 |
| Soliditet | 21,75 % | 53,65 % | 60,07 % |

## Sogneprodukt AS

**Selskapet sitt føremål**
Eigardel: 20 %

Føremålet er gjennom arbeidsretta tiltak å skape grunnlag for rekruttering til ordinært arbeidsliv. Selskapet er «ei bru til arbeidslivet» for dei som treng hjelp til å få seg arbeid eller utdanning. Verksemda gjev tilbod om varig tilrettelagt arbeid. Tenester, produksjon og handel eller anna næringsverksemd er ein del av prosessen.

## Sogneprodukt AS

**Nøkkelpunkt**

- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsansvar
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane

Vestland fylkeskommune er største eigar med 20 % av eigarskapet. Ei rekke kommunar, sparebankar og nokon private aktørar har også eigarinteresser. Nøkkeltala viser at bedrifta har gått med underskot dei tre siste åra og brukt delar av eigenkapitalen.

Selskapet har eigarinteresser i Balestrand næringsbygg AS (34,48 %) som ikkje er omfatta av §§ 23-6 og 24-10.

I intervju blir det peika på at arbeidsmarknadsbedriftane generelt er i ein krevjande periode med tanke på tilskot og etterspurnad i marknaden.

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 24 995 | 26 462 | 29 091 |
| Inntekter | 35 232 | 33 029 | 43 492 |
| Resultat før skatt | -1 467 | -2 630 | -763 |
| Likviditet | 2,69 | 2,99 | 2,68 |
| Soliditet | 80,86 % | 82,91 % | 78,56 % |

## Bergen Vitensenter AS

**Selskapet sitt føremål**
Eigardel: 19 %

Føremålet til selskapet er å utvikle og drive eit populærvitskapleg oppleving- og læringssenter med utgangspunkt i teknologi, naturvitskapleg, matematikk og humaniora særleg retta mot barn og unge, samt anna verksemd som naturleg fell saman med dette, medrekna å delta i samarbeid med andre selskap og føretak med liknande verksemd. Selskapet har ikkje som føremål å gje økonomisk utbytte til aksjonærane.

**Nøkkelpunkt**

- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar

Bergen kommune er største eigar med 29,56 % av eigarskapet. Selskapet er også eigd av ei rekke private aktørar og Vestland fylkeskommune (19 %). Nøkkeltala viser at selskapet gjekk med underskot i 2017 men at økonomien elles er solid.

Covid- 19 pandemien kan få innverknad på selskapet sitt resultat i 2020.

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 13 982 | 13 653 | 13 316 |
| Inntekter | 47 313 | 46 194 | 41 941 |
| Resultat før skatt | 329 | 338 | -5 194 |
| Likviditet | 1,7 | 2,52 | 3,74 |
| Soliditet | 50,45 % | 63,20 % | 42,49 % |

## Fjord Norge AS

**Selskapet sitt føremål**
Eigardel: 17,8 %

Føremålet til selskapet er internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

**Nøkkelpunkt**

| Fjord Norge AS | | | |
|---|---|---|---|
| • Omdøme<br>• Delt eigarskap med private aktørar | Største aksjonær i selskapet er Vestland fylkeskommune med 17,8 % av eigarskapet. Visit Bergen (11,32 %) og Rogaland fylkeskommune (8,91 %) er høvesvis andre og tredje største eigar. Selskapet er også eigd av ei rekke private aktørar. Nøkkeltala viser at verksemda har hatt ein solid økonomi dei siste tre åra.<br><br>Selskapet eig 1,2 % av seg sjølv og 6,38 % av aksjane i det nyleg etablerte selskapet Varde opplevelseskvalitet AS. | | |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
| Eigenkapital | 5 116 | 5 358 | 5 355 |
| Inntekter | 37 037 | 41 885 | 36 893 |
| Resultat før skatt | -57 | 63 | 35 |
| Likviditet | 1,66 | 1,47 | 1,74 |
| Soliditet | 40,99 % | 32,92 % | 43,93 % |

| Opero holding AS (tidlegare Opero AS) | | | |
|---|---|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 16,64 % | Føremålet til selskapet er via eigarskap i dotterselskapa Opero AS og Ås barnehage AS utvikla og levere tenester som knytt til å å fremje arbeidsdeltaking i det ordinære arbeidsliv, uavhengig av kva utfordringar dei forskjellige deltakarane har. | | |
| **Nøkkelpunkt**<br><br>• Etikk og omdøme<br>• Delt eigarskap med private aktørar<br>• Direkte tenestetilbod til innbyggjarane<br>• Samfunnsansvar | Det kjem fram i undersøkinga at gamle Opero AS i 2020 blei delt opp i tre selskap, eit holdingselskap, eit tiltaksselskap (Opero AS) og eit selskap som driftar ein barnehage (Ås barnehage AS). Aksjonærane har aksjar i holdingselskapet, som eig dotterselskapa Opero AS (100 %) og Ås barnehage AS (100 %). Selskapa er ikkje omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.<br><br>Stord kommune er den største eigaren i Opero Holding AS med 28,03 % eigardel. Sju andre kommunar, Vestland fylkeskommune og Sør-Norge Aluminium AS har også eigardel.<br><br>Rekneskapstala viser at resultatet har vore minkande dei siste åra, men at eigenkapitalen og inntektene til selskapet er solid. Det er indikasjonar på at likviditeten er noko låg i forhold til tilrådd nivå (2).<br><br>I intervju blir det peika på at arbeidsmarknadsbedriftane generelt er i ein krevjande periode med tanke på tilskot og etterspurnad i marknaden. | | |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
| Eigenkapital | 17 173 | 17 120 | 16 191 |
| Inntekter | 37 484 | 38 388 | 36 903 |
| Resultat før skatt | 53 | 475 | 571 |
| Likviditet | 1,53 | 1,47 | 1,39 |
| Soliditet | 58,72 % | 57,18 % | 55,56 % |

## Carte Blanche AS

| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 15 % | Føremålet til selskapet er å utvikle og formidle samtidsdans og anna tilknytt verksemd. Som nasjonalt kompani for samtidsdans skal selskapet produsere og presentere førestillingar av høgaste kvalitet laget av norske og internasjonale, anerkjente og nye koreografer innan samtidsdans |
|---|---|
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Delt eigarskap med staten<br>• Samfunnsansvar | Kulturdepartementet er største eigar med 70 % av eigarskapet. Bergen kommune og Vestland fylkeskommune har og eigardelar i verksemda. Nøkkeltala viser at Carte blanche gjekk med underskot i 2018, men at verksemda har ein solid økonomi med jamne inntekter og solid eigenkapital.<br><br>Carte Blanche eig 8,33 % av Kultur vest som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.<br><br>Covid- 19 pandemien kan få innverknad på selskapet sitt resultat i 2020. |

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 8 571 | 8 493 | 9 021 |
| Inntekter | 41 673 | 41 259 | 40 065 |
| Resultat før skatt | 79 | -528 | 476 |
| Likviditet | 2,99 | 3,25 | 2,98 |
| Soliditet | 35,51 % | 37,91 % | 40,54 % |

## Gløde AS

| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 7,09 % | Føremålet til selskapet er arbeidsinkludering, kompetanseformidling og verksemd i samband med dette.<br><br>Alver kommune er største eigar med 54 % av aksjane. Det er også fleire mindre private aktørar med eigardel. Nøkkeltala viser at verksemda har solid eigenkapital men at inntektene har minka noko dei siste tre åra. I 2019 gjekk selskapet med underskot. |
|---|---|
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Delt eigarskap med private aktørar<br>• Samfunnsansvar<br>• Direkte tenestetilbod til innbyggjarane | I undersøkinga kjem det fram at Gløde nyleg har måtte nedbemanne med om lag 20 personar som følgje av at dei tapte anbod i delar av Bergen kommune og Nordhordland.<br><br>I intervju blir det peika på at arbeidsmarknadsbedriftane generelt er i ein krevjande periode med tanke på tilskot og etterspurnad i marknaden. |

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 9 370 | 10 631 | 9 594 |
| Inntekter | 46 326 | 50 569 | 54 542 |
| Resultat før skatt | -1 261 | 1 038 | 1 522 |
| Likviditet | 2,34 | 2,88 | 2,31 |
| Soliditet | 25,14 % | 28,07 % | 24,59 % |

| Innovasjon Norge | | | |
|---|---|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 5,16 % | Innovasjon Norge skal vere staten og fylkeskommunane sitt verkemiddel for å realisere verdiskapande næringsutvikling i heile landet.<br><br>Den norske stat er største eigar med 51 % av aksjane, mens fylkeskommunane samla eig dei resterande 49 %[9]. Rekneskapstala viser at Innovasjon Norge har stigande inntekter men at resultat før skatt har gått noko ned dei siste tre åra.<br><br>Innovasjon Norge er definert som eit *«anna foretak i følgje særskilt lov»* av Bisnode Smartcheck.<br><br>Verksemda har følgjande dotterselskap og eigarinteresser som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10:<br>• Såkorninvest Midt-norge AS (100 %)<br>• Visit Norway AS (100 %)<br>• Koinvesteringsfondet for Nord-Norge AS (100 %)<br>• Investeringsfond for Nordvest-Russland og Øst-Europa AS (100 %)<br>• Skagarak Maturo seed AS (42,5 %)<br>• Alliance Venture spring AS (41,57 %)<br>• Proventure seed II AS (40,18 %)<br>• Sarsia Seed Fond II AS ((28,32 %)<br>• Murman AS (23 %)<br>• Art Nor (17,93 %)<br>• FWC AS (9,4 %)<br>• Polar Tech AS (9, 33 %) | | |
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Delt eigarskap med staten<br>• Vesentlege verdiar<br>• Samfunnsansvar | | | |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
| Eigenkapital | 1 601 513 | 1 601 513 | 1 578 650 |
| Inntekter | 1 734 153 | 1 689 231 | 1 625 199 |
| Resultat før skatt | 139 627 | 207 743 | 300 501 |
| Likviditet | 1,52 | 1,53 | 1,46 |
| Soliditet | 6,07 % | 6,15 % | 6,33 % |

| Atheno AS | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: 3,10 % | Føremålet til selskapet er å fremja auka samarbeid innan industrien i regionen. Dette skal primært skje ved å utvikla nettverksarenaer for å gjera medlemsbedriftene meir innovative og konkurransedyktige.<br><br>Atheno AS er eigd av ei rekke private og kommunale verksemder. Største eigar er Kværner AS med 15,52 % av eigarskapet. Nøkkeltala synar at Atheno AS jamt over har ein solid økonomi.<br><br>Selskapet har eigarinteresser i Atheno prosjektuvikling AS (34,01 % ) som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Selskapet eig og 6,79 % av seg sjølv. |
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Delt eigarskap med private aktørar<br>• Samfunnsansvar | |

[9] Det går fram av eigarskapsmeldinga til Vestland fylkeskommune for 2019 at Fylkeskommunane må gjere endringar dersom kvar fylkeskommunane skal ha like stor eigardel etter gjennomføringa av regionreforma.

| Atheno AS | | | |
|---|---|---|---|
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
| Eigenkapital | 5 459 | 5 292 | 5 389 |
| Inntekter | 9 286 | 9 689 | 8 280 |
| Resultat før skatt | 51 | -97 | 342 |
| Likviditet | 3,11 | 2,58 | 2,11 |
| Soliditet | 76,51 % | 71,91% | 63,68% |

**E134 Haukelivegen AS**

**Selskapet sitt føremål**
Eigardel: 3,10 %

Føremålet til verksemda er å arbeide for utbygging og standardheving av transportkorridoren E134 Karmøy-Frogn, RV36 Seljord-E18 og sambandet E134-Bergen. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren når dette styrkar arbeidet. Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingsselskap. Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål. Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet.

Selskapet er eigd av fleire fylkeskommunar, kommunar og private verksemder. Nøkkeltala viser at verksemda gjekk med eit lite underskot i 2018, men at verksemda elles har hatt ein solid økonomi dei siste tre åra.

**Nøkkelpunkt**

- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsansvar

| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 3 572 | 3 505 | 3 700 |
| Inntekter | 1 499 | 1 214 | 2 603 |
| Resultat før skatt | 66 | -195 | 1 129 |
| Likviditet | 18,09 | 13,26 | 13,76 |
| Soliditet | 94,47 % | 92,46 % | 92,73 % |

**Framtidsfylket AS**

**Selskapet sitt føremål**
Eigardel: 2,8 %

Føremålet til selskapet er drift og utvikling av ei felles traineeordning for alle private og offentlege verksemder i Sogn og Fjordane, som arbeider for å fremje næringslivet i fylket, og nettportalen "framtidsfylket.no", og anna rekrutteringsverksemd som i vid forstand kan vere i nemnde verksemder si interesse.

Største eigar i selskapet er Framtidsfylket AS sjølv med 5,55 % av aksjane. Vestland fylkeskommune og ei rekke private aktørar har også eigardel. Rekneskapstala viser at verksemda har stigande inntekter og elles ein relativt jamn økonomi. Selskapet gjekk med underskot i 2018.

**Nøkkelpunkt**

- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane

| **Nøkkeltal[10] (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 1 527 | 1 046 | 828 |
| Inntekter | 6 286 | 5 698 | 5 097 |

[10] Det er ikkje rapportert inn årsrekneskap for 2019 til Brønnøysundregisteret per august 2020.

| Framtidsfylket AS | | | |
|---|---|---|---|
| Resultat før skatt | 481 | -380 | 81 |
| Likviditet | 2,3 | 1,89 | 2,65 |
| Soliditet | 56,96 % | 48,4 % | 63,27 % |

## Sarsia Development AS

**Selskapet sitt føremål**

Eigardel: 1,53 %

Sarsia Development driv med investeringsverksemd innan private equity (aktive eierford) og venture kapital (aktive eierfond som investerer i selskap i oppstartfasen).

Stiftelsen Universitetsforskning Bergen er største eigar i Sarsia Development med 21,91 % av eigarskapet. Ei rekke private aktørar har også eigardel. Nøkkeltala viser at verksemda gjekk med underskot i 2017 men at likviditeten og soliditeten er solid.

Verksemda har følgjande eigarinteresser som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10:
- Uni targeting reseach AS (72,59 %)
- Sarsia seed AS (13, 6 %)
- Epsis AS (13,55 %)
- Novel Diagnostics AS (7,79 %)
- Bergenbio ASA (1,92 %)

**Nøkkelpunkt**
- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar

| Nøkkeltal (i heile tusen NOK) | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 34 932 | 42 058 | 41 859 |
| Inntekter | 0 | 0 | 0 |
| Resultat før skatt | 2 115 | 82 | -7 720 |
| Likviditet | 2,57 | 296,08 | 999,99 |
| Soliditet | 83,89 % | 99,82 % | 99,98 % |

## Biblioteksentralen SA

**Selskapet sitt føremål**

Eigardel: Ukjent

Biblioteksentralen SA skal mellom anna være eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek og hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar.

Selskapet er eigd av ei rekke kommunar, fylkeskommunar, Kommunenens sentralforbund og Norsk Bibliotekforening. Rekneskapstala for dei siste tre åra viser at Biblioteksentralen gjekk med underskot i 2018 og 2019, men at eigenkapitalen og inntektene ligg stabilt høgt.

Verksemda har følgjande dotterselskap som fell utanfor kommunelova §§ 23-6 og 24-10:
- BS Eiendom AB20AS (100 %)
- BS Undervisning SA (100 %)
- Norsk bibliotektransport AS (100 %)
- BS Lab AS (100 %)
- Edda bokhandel AS (100 %)

Verksemda har også eigarinteresser i BS Eurobib AS (50 %), Bookbites AS (15 %) og Redia AS (36,7 %) som fell utanfor kommunelova §§ 23-6 og 24-10.

**Nøkkelpunkt**
- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsansvar
- Vesentlege verdiar
- Samvirkeføretak

| Biblioteksentralen SA | | | |
|---|---|---|---|
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
| Eigenkapital | 283 643 | 289 235 | 296 362 |
| Inntekter | 137 403 | 125 324 | 131 980 |
| Resultat før skatt | -5 592 | -7 127 | 58 822 |
| Likviditet | 5,1 | 4,58 | 4,91 |
| Soliditet | 92,73 % | 63,53 % | 62,58 % |

| Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane SA | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: ukjent | Verksemda skal vere eit organ for samarbeid mellom medlemane (læreverksemder), som i fellesskap tek på seg opplæringsansvar for lærlingar, lærekandidatar, praksisbrevkandidatar og kandidatar for fagbrev på jobb, jf. opplæringslova § 4-3. |
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Direkte tenestetilbod til innbyggjarane<br>• Stiftet i 2019<br>• Samvirkeføretak | Andre medlemar i samvirkeføretaket er Askvoll kommune, Fjaler kommune, Høyanger kommune, Sunnfjord kommune, Vik kommune og Bremanger kommune.<br><br>Verksemda blei stifta i 2019 og rekneskap er ikkje rapportert inn til Brønnøysund. |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **Ikkje tilgjengleg** |

| Sinjarheim SA | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: ukjent | Føremålet til verksemda er å ta vare på bygningane på garden Sinjarheim og det kringliggjande kulturlandskapet, på ein måte som ivaretek antikvariske omsyn, og å delta i tiltak som fremjar tradisjonell bruk av Sinjarheim.<br><br>Deltakarar i samvirkeføretaket er Fylkeskommunen ved Sogn jord- og hagebruksskule, grunneigar og Fortidsminneforeininga Sogn og Fjordane |
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme<br>• Samfunnsansvar<br>• Stiftet i 2018<br>• Samvirkeføretak | Verksemda ble stiftet i 2018 og rekneskap er ikkje rapportert inn til Brønnøysund. |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **Ikkje tilgjengeleg** |

| Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA (KDRS) | |
|---|---|
| **Selskapet sitt føremål**<br>Eigardel: ukjent | Føremålet til selskapet er å vere eit ressurssenter for kommunearkivinstitusjonane sine digitale arkiv. Føretaket skal fremje medlemmanes økonomiske interesser gjennom deira deltaking i verksemda for tenester knytt til digitale arkiv. Føretaket kan også selje tenester knytt til digitale arkiv utover basistenester til medlemmer og andre. |
| **Nøkkelpunkt**<br>• Omdøme | Nøkkeltala viser at verksemda har hatt ein solid økonomi dei siste tre åra. |

| **Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA (KDRS)** | | | |
|---|---|---|---|
| • Samvirkeføretak | | | |
| **Nøkkeltal (i heile tusen NOK)** | **2019** | **2018** | **2017** |
| Eigenkapital | 3 261 | 2 165 | 2 029 |
| Inntekter | 5 407 | 4 248 | 4 559 |
| Resultat før skatt | 696 | 36 | 222 |
| Likviditet | 2,17 | 1,91 | 2,33 |
| Soliditet | 57 % | 54, 32 % | 63,78 % |

## 4.3 Føretak, samarbeid og foreiningar

Kommunale føretak, interkommunale samarbeid, stiftingar og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon i selskap. Kommunale føretak og vertskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon. Vi har likevel laga ei samla liste under for ulike samarbeid/interesser til fylkeskommunen :

Interkommunale samarbeid:

- Nasjonal digital læringsarena, interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 (1992)
- Vestlandrådet, interkommunalt politisk råd, kommunelova § 18 (2018)
- Kommunearkivordninga i Vestland, kommunalt oppgåvefelleskap etter kommunelova § 19 (2018)

Stiftingar[11]:

- Stiftinga Singerheimen
- Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal
- Bustadsstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid
- Bustadstiftinga ved sentralsjukehuset Sogn og Fjordane
- Stiftinga Sogn og Fjordane næringsutvikling
- Stiftinga førte internasjonale folkemusikkfestival
- Stiftinga Vestlandsforskning
- Stiftinga Røde Kors Nordisk united World college
- Stiftinga nynorsk kultursentrum
- Stiftinga Innvik næringsutvikling
- Stiftinga vestnorsk jazzsenter
- Stiftinga Balejazz
- Stiftinga norsk countrytreff
- Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark
- Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
- Stiftinga norsk kvensteinsenter

[11] Revisjonen får opplyst at fylkeskommunen p.t. ikkje har utarbeidd ein komplett liste over stiftingar fylkeskommunen har vore medstiftar av.

- Stiftinga til fremje av rekruttering og kompetanseutvikling o Sogn og Fjordane
- Stiftinga Måløy Marine Ressurssenter

Andre:

- IS fjordvegen rute 13, foreining (interesseselskap)
- Kommunal landspensjonskasse

# 5. Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde

Basert på analysane og funna knytt til selskapa der Vestland fylkeskommune har eigarskap (kapittel 4), presenterer vi i dette kapittelet vurderingane av kor i Vestland fylkeskommune si eigarskapsforvaltning det er risiko for at fylkeskommunen ikkje utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing, både overordna sett og for enkelte selskap der fylkeskommunen har eigarinteresser.

Typiske risikoområde som blir undersøkt og vurdert i ein eigarskapskontroll inkluderer system og rutinar for oppfølging av eigarskap, rutinar for val av styrerepresentantar, opplæring av styrerepresentantar og rapportering til fylkestinget.

Dersom ein gjer forvaltningsrevisjon i eit selskap (sjå kap. 4) vil ein også kunne slå denne saman med ein eigarskapskontroll, ved å legge til desse problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

Dei identifiserte risikoområda/-selskapa er sett opp i uprioritert rekkjefølgje. Det er kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere val av og rekkjefølgje for eigarskapskontrollane i planen som blir lagt fram for fylkestinget.

Tabellen under viser identifiserte risikoområde/-selskap knytt til fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning. Vi tar atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert.

Tabell 9: Identifiserte risikoområder knytt til fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning

| Område/selskap | Eigardel | Observasjonar | Risikoområde |
|---|---|---|---|
| **Overordna eigarskapsforvaltning i fylkeskommunen** | IA | Fylkeskommunen skal etter ny kommunelov utarbeide eigarskapsmelding som skal vedtakast av fylkestinget minst ein gong i valperioden (§ 26-1).<br><br>Vestland fylkeskommune har ei eigarskapsmelding frå 2019. Revisjonen har fått opplyst i intervju at fylkeskommunen arbeider med ei oppdatert eigarskapsmelding.<br><br>Fleire av dei intervjua politikarane og fylkesdirektørar opplyser at det er utfordringar knytt til oppnemning av representantar til både valnemnd og oppnemning av styrerepresentantar til selskap, og at det eksisterande regelverket ikkje blir følgt. Valnemnda blir ofte «proforma» og det er ofte fylkestinget som vel representantar til styrer.<br><br>Videre kjem det fram i fleire intervju at fylkeskommunen sin kompetanse innan eigarskapsforvaltning ikkje er tilstrekkeleg, og at opplæringa av fylkeskommunen sine styrerepresentantane bør styrkast. Det blir mellom anna | • System og rutinar for oppfølging av eigarskap<br>• Rutinar for val av styrerepresentantar<br>• Opplæring av styrerepresentantar og<br>• Rapportering til fylkestinget |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | kommentert at fylkeskommunen stiller fleire krav til selskapa sine gjennom eigarskapsmeldinga, t.d miljøkrav, krav om å følgje menneskerettar, etiske retningsliner og økonomiforvaltning, men at kompetansen til fylkeskommunen sine representantar i styret i dei ulike selskapa er ikkje tilstrekkeleg til å følgje opp dette. Det blir peika på at det derfor må arbeidast med korleis styrerepresentantane utøver sitt mandat i styrar i selskap.<br><br>Det blir i spørjeundersøkinga peika på at fylkeskommunen må ha eit større fokus på kva som er føremålet med eigarskapa, at det manglar eigarskapsstrategi for fleire av selskapa og at kunnskapen om eigarskapsforvaltning er for lav.<br><br>I undersøkinga blir det også peika på at det er risiko knytt til fylkeskommunen sin kompetanse til å følgje opp selskap med næringsverksemd som formål (dei to gamle fylka hadde ulik tilnærming til næringsverksemd). | |
| **Fylkeskommunen si oppfølging av arbeidsmarknads-bedrifter** | Frå 7,09 % til 100 % | Vestland har eigarskap i følgjande arbeidsmarknadsbedrifter: Origod AS, In Via AS, Sogneprodukt AS, Beredt AS, Gløde AS, Opero Holding AS, Kveik AS og Hardanger Aks AS.<br><br>Det blir i intervju peika på at arbeidsmarknadsbedriftene generelt er i ein krevjande periode med tanke på tilskot og etterspurnad i marknaden.<br><br>Dette er selskap som leverer viktige tenester til brukarar med behov for tilrettelagt arbeid. Selskapa har ofte utfordrande driftsvilkår, og skal drive delvis i konkurranse med andre, med krav til internkontroll og HMT. Tilbodet krev også god og tett oppfølging av brukarane. | Eigarstrategi<br><br>Oppfølging av eigar sine føringar<br><br>• Rapportering om driftdriftdrift |
| **Fylkeskommunen si oppfølging av eigarskap i kulturverksemder?** | | Kulturinstitusjonane er eit viktig område for fylkeskommunen. Dette er også verksemder som har hatt særleg utfordringar no i samband med Covid-19. | • Eigarstrategi<br>• Eigaroppfølging<br>• Rapportering<br>• Kombinasjon eigar og tilskotsgjevar |

| | | |
|---|---|---|
| **Fylkeskommunen si oppfølging av eigarskap i samferdsleselskap?** | Samferdselsskapa er viktige for fylkeskommunen. Dette er også verksemder som har hatt særleg utfordringar no i samband med Covid-19. | • Eigarstrategi<br>• Eigaroppfølging<br>• Rapportering |

# 6. Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn

## 6.1 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskaps-/eigarskapskontrollar

### 6.1.1 Forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda

**Vestland**

- Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik – 2020 (pågåande)
- Forvaltningsrevisjon av tannhelse – 2020 (pågåande)
- Risiko- og vesentlighetsvurdering og planar for selskapskontroll og forvaltningsrevisjon – 2020 (pågåande)

**Hordaland**

- Forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltning – 2019
- Forvaltningsrevisjon av finansiering av spesialundervisning i friskular – 2019
- Forvaltningsrevisjon av transportordninga for funksjonshemma – 2019
- Forvaltningsrevisjon av internkontroll i bybanen utbygging – 2019
- Forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit – 2018
- Forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring – 2018
- Forvaltningsrevisjon av planlegging av investeringar – 2017
- Forvaltningsrevisjon av forretningsdrift i vidaregåande skular – 2017
- Forvaltningsrevisjon av opplæringstilbod til minoritetsspråklege elevar – 2017
- Forvaltningsrevisjon av NDLA del to – 2017
- Forvaltningsrevisjon av oppfølging av minoritetsspråklege elvar sine rettar – 2017
- Forvaltningsrevisjon av bruk av regionale utviklingsmidlar – 2016
- Forvaltningsrevisjon av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap – 2016
- Forvaltningsrevisjon av innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – 2016
- Forvaltningsrevisjon av NDLA – 2016
- Forvaltningsrevisjon av skuleskyss – 2016
- Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon – 2016
- Forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesvegar – 2015
- Forvaltningsrevisjon av nasjonal digital læringsarena (NDLA) – 2015
- Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring – 2015
- Forvaltningsrevisjon av rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skular – 2015
- Forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging, kunstnarbustad i Spania – 2015
- Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og vidaregåande skular- 2014
- Forvaltningsrevisjon av HMT og internkontroll – 2014
- Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet - 2014

**Sogn og Fjordane**

- Forvaltningsrevisjon av HMT og inkluderande arbeidsliv – 2019
- Forvaltningsrevisjon av musea i Sogn og Fjordane – 2018
- Forvaltningsrevisjon av reiseliv – 2018
- Forvaltningsrevisjon av utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule (2018)
- Forvaltningsrevisjon av innkjøp – 2017
- Forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit – 2017
- Forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltning – 2017
- Forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg – 2016
- Forvaltningsrevisjon av anskaffing av advokat- og rådgjevingstjenester i «Fjord1-saka» - 2016
- Forvaltningsrevisjon av møtebøker frå fylkesutval og hovudutval (2010-2018)
- Forvaltningsrevisjon av fylkesarkiv – 2015

- Forvaltningsrevisjon av innkjøp og oppfølging av kollektivtransport – 2015
- Forvaltningsrevisjon av læringsmiljø i vidaregåande skular – 2015
- Forvaltningsrevisjon av samhandling og prosjektstyring – 2015
- Forvaltningsrevisjon av tryggleik og beredskap – 2014
- Forvaltningsrevisjon av tildeling og oppfølging av tilskot – 2014

### 6.1.2 Forvaltningsrevisjon i selskap

**Vestland**

- Oppfølging av selskapskontrollen av Ferde AS (forventa ferdig i oktober 2020)
- Selskapskontroll av Skyttel AS - 2020
- Selskapskontroll av Ferde AS – 2019

**Hordaland**

- Selskapskontroll av Bybanen AS – 2019
- Selskapskontroll av Vigo IKS - 2019
- Selskapskontroll av Grieghallen IKS – 2018
- Selskapskontroll av Hordaland teater – 2017
- Selskapskontroll av fastlandssambandet Halsnøy AS – 2014
- Selskapskontroll av Hardangerbrua AS – 2014

**Sogn og Fjordane**

- Selskapskontroll av Trivselshagen IKS – 2019
- Selskapskontroll av Vigo IKS - 2019
- Selskapskontroll av Sogn og fjordane teater LL (nytt namn Teater Vestland AS) – 2018
- Selskapskontroll forvaltningsrevisjon av F1 holding AS – 2015
- Selskapskontroll informasjonsflyten mellom Fjord 1 AS og fylkeskommunen – 2015

### 6.1.3 Eigarskapskontroll

Alle selskapskontrollane nemnt over, omfatta også eigarskapskontroll.

**Hordaland**

- Eierskapsforvaltning – 2012/2013

## 6.2 Tilsyn

Fylkesmannen har gjennomført fleire tilsyn med fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane dei siste tre åra. Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med fleire skular sitt arbeid med elvane skulemiljø i 2019 (Laksevåg, Hafstad vidaregåande skular) og Arkivverket gjennomførte arkivtilsyn med Hordaland fylkeskommune i 2018.

Det blir gjennomført tilsyn med Vestland fylkeskommune og vidaregåande opplæring for vaksne i 2020.

# 7. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar

På bakgrunn av dei analysar og risikovurderingar som er gjennomførte, er det identifisert fleire område som etter Deloitte si vurdering kan representere høg risiko, og kor kontrollutvalet bør vurdere å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar i Vestland fylkeskommune.

Forslaget dannar grunnlag for prioriteringa som kontrollutvalet skal gjere. Kontrollutvalet står fritt til å leggje til og endre på prosjekta som er skissert under.

## 7.1 Forvaltningsrevisjon

### 7.1.1 Prosjekt som er kategorisert som høg risiko (raude)

Tabell 10: Raude prosjekt

| Prosjekt | Tema |
|---|---|
| • Forvaltningsrevisjon av internkontroll | *Overordna risikovurdering*<br>*Implementering av nytt kvalitetssystem*<br>*Kommunikasjon med tilsette* |
| • Forvaltningsrevisjon av fullmaktsstruktur | *Reglement og fullmakter* |
| • Forvaltningsrevisjon av sakshandsaming og vedtaksoppfølging | *Sakshandsamingssystem*<br>*Saksgrunnlag og rapportering*<br>*Kapasitet* |
| • Forvaltningsrevisjon av økonomistyring og budsjettering | *Planlegging, styring og kontroll*<br>*Risikovurderingar*<br>*System og rutinar*<br>*Melding om avvik* |
| • Forvaltningsrevisjon av styring og kontroll med investeringar | *Styring og kontroll*<br>*Risikovurderingar*<br>*System og rutinar*<br>*Meldingom avvik* |
| • Forvaltningsrevisjon av innkjøp | *Bruk av rammeavtalar*<br>*Kontraktsoppfølging*<br>*Veg- og infrastrukturrelaterte innkjøp* |
| • Forvaltningsrevisjon av etikk | *Etisk reglement*<br>*Tenester og sal i fylkeskommunale einingar* |
| • Forvaltningsrevisjon av klima, miljø og berekraft | *FNs berekraftsmål*<br>*Måloppnåing*<br>*Klimautslepp transporttenester*<br>*Innkjøp og grøne anskaffingar* |
| • Forvaltningsrevisjon av satsing på digitalisering | *Digitale system*<br>*Digital kompetanse* |
| • Forvaltningsrevisjon av beredskapsorganiseringa | *Planar og system*<br>*Kjennskap til beredskapsplanar i organisasjonen* |
| • Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar | *System og rutinar*<br>*Kompetanse*<br>*Kriterium og vurdering*<br>*Transparens*<br>*Oppfølging av mottakarar* |
| • Forvaltningsrevisjon av fylkesvegforvaltninga | *Internkontrollsystem*<br>*System og rutinar* |

| | |
|---|---|
| | *Kapasitet og kompetanse* |
| • Forvaltningsrevisjon av anskaffingar og kontraktsoppfølging | *Skyss og Kringom*<br>*Ferjer og hurtigbåtar*<br>*Risikovurderingar for miljøvenlege anskaffingar* |
| • Forvaltningsrevisjon av universell utforming på kollektivtransport | *Universell utforming*<br>*Regeletterleving* |
| • Forvaltningsrevisjon av sakshandsaming knytt til akvakultur | *Sakshandsaming av løyver*<br>*System og rutinar*<br>*Kapasitet og kompetanse* |
| • Forvaltningsrevisjon av trygt og godt skulemiljø | *Oppfølging av mobbing*<br>*Regeletterleving*<br>*Førebygging* |
| • Forvaltningsrevisjon av kvalitet i opplæringa | *Oppfølging av fagfornyinga*<br>*Kvalitet i tilbodet*<br>*Tilbodet til dei svakaste elevane*<br>*Vikarbruk* |
| • Forvaltningsrevisjon av spesialundervisning | *Regeletterleving*<br>*Tilpassing til den enkelte elev*<br>*Spesialundervisning i friskular* |
| • Forvaltningsrevisjon av verknader av koronapandemien for opplæring til sårbare grupper | *Kvalitet i opplæringa*<br>*Bruk av digitale løysingar*<br>*Samarbeid* |
| • Forvaltningsrevisjon av fagopplæring og lærlingeordninga | *Samarbeid*<br>*Oppfølging av opplæringskontor*<br>*Informasjon til lærlingar* |
| • Forvaltningsrevisjon av Beredt AS | *Økonomistyring*<br>*Internkontroll*<br>*Målinnfriing* |
| • Forvaltningsrevisjon av Hardanger Aks AS | *Økonomistyring*<br>*Internkontroll*<br>*Målinnfriing* |

### 7.1.2 Andre prosjekt (gule)

Tabell 11: Gule prosjekter

| **Prosjekt** |
|---|
| • Forvaltningsrevisjon av sjukefråvær og HMT |
| • Forvaltningsrevisjon av HR- arbeid |
| • Forvaltningsrevisjon av rutinar for varsling |
| • Forvaltningsrevisjon av planarbeid |
| • Forvaltningsrevisjon av samhandling på tvers |
| • Forvaltningsrevisjon av oppfølging av planar på kulturområdet |
| • Forvaltningsrevisjon av Internkontroll Skyss og Kringom |
| • Forvaltningsrevisjon av TT Ordninga |
| • Forvaltningsrevisjon av drosjetilbod |
| • Forvaltningsrevisjon av morsmålsundervisning og forsvarleg tilbod til framandspråklege |
| • Forvaltningsrevisjon av vaksenopplæringa |
| • Forvaltningsrevisjon av vedlikehald av skulebygg |

## 7.2 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll kan inngå som ein del av ein forvaltningsrevisjon av selskap (sjå førre liste), eller den kan gjennomførast som eigne prosjekt der fokuset berre er på fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap.

Tabell 12: Aktuelle prosjekt

| Prosjekt | Tema |
|---|---|
| • Eigarskapsforvaltning (overordna) | • *System og rutinar for oppfølging av eigarskapa*<br>○ *Eigarmelding*<br>○ *Eigarstrategi*<br>○ *Eigaroppfølging*<br>• *Rutinar for val av styrerepresentantar*<br>• *Opplæring av styrerepresentantar*<br>• *Rapportering til fylkeskommunen* |
| • Eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter | • *System og rutinar for oppfølging av eigarskapet*<br>○ *Eigarmelding*<br>○ *Eigarstrategi*<br>○ *Eigaroppfølging*<br>• *Val og opplæring av styrerepresentantar*<br>• *Rapportering til fylkeskommunen*<br>• *Samhandling med fylkeskommunen sine tenester for dei same brukarane* |

Deloitte.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2020 Deloitte AS